

**- Fusa for framtida –
Trygg, stolt og sterk**

VI BYGGJER IDENTITET OG KOMPETANSE I EIT SKAPANDE OPPVEKSTMILJØ



Å veksa opp i Fusa kommune
Fusa kommune sin oppvekstplan

2010 - 2020
DEL II - GRUNNLAGSMATERIALE
OG ANALYSE.

.....Igjen burde vi begynne i skuler og barnehager, for å løfte perspektivet. Her kommer alle våre etiske verdier inn, hva vi mener med respekt, fellesskap, ritualer – hele det kulturelle beredskapsfeltet. Skal du lykkes med utdanning, må du gå veien om det som kalles læringsmiljø og legge vekt på å utvikle verdier mennesker imellom, også mellom lærerne. Da får du trivsel og motivasjon. Klarer du å gjøre skulen til en opplevelsesinstitusjon, slik at du får hentet de unge ut av den forkrøplede opplevelseskulturen som mediene ofte gir, så er de veldig med på det. Se hva eleven kan når de deltar i revy og teater og operaoppsetninger i skulen!

(Prof. Guttorm Fløistad, "Visjoner for Norge – fra uro til mening", s. 78, Flux forlag)

La oss konsentrere oss om fremtiden. Det er der vi skal være resten av tiden!
(Mark Twain)

1.	BAKGRUNN	5
1.1.	Mål for planen	5
1.2.	Prosess og deltakarar	5
1.3.	Politisk handsaming	5
2.	VERDIAR – VISJON - OVERORDNA MÅL	6
2.1.	Prinsipper for arbeidet	6
2.2.	Visjon og overordna mål	7
2.3.	Tverrfaglegheit	7
2.4.	Førebygging og tverrfaglegheit	10
2.5.	Leirskulen	10
3.	KVALITET OG KVALITETSSIKRING	11
3.1.	Barnehagen	11
3.1.1.	Kvalitet i barnehagen	11
3.1.2.	Tiltak i meldinga	11
3.1.3.	Kvalitetsvurdering	12
3.1.4.	Tilsyn	12
3.2.	Skulen	13
3.3.	Kvalitetsvurdering	16
3.4.	Tilpassa opplæring	18
3.5.	Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	18
3.6.	IKT (Informasjons- og kommunikasjonsteknologi)	18
4.	FOLKETALSUTVIKLING I FUSA	20
4.1.	Folketalutvikling	20
4.2.	Barnehagane	21
4.2.1.	Lovgrunnlag	22
4.2.2.	Oversyn over barn i barnehagane	22
4.2.3.	Behov for nye barnehageplassar	23
4.3.	Grunnskulen	24
4.3.1.	Lovgrunnlag	24
4.3.2.	Oversyn over elevtal i grunnskulen	24
4.3.3.	Behov for nye elevplassar	25
4.4.	SFO	25
4.4.1.	Lovgrunnlaget	25
4.4.2.	Elevar i SFO	26
4.4.3.	Behov for nye plassar i SFO.	26
4.4.4.	Innhald i SFO.	27
4.5.	Kulturskulen	27
4.5.1.	Lovgrunnlag	27
4.5.2.	Elevtalet i kulturskulen	27
4.5.3.	Behov for nye plassar i kulturskulenv	27
4.6.	Vaksenopplæringa	28
4.6.1.	Lovheimel	28
4.6.2.	Elevar i vaksenopplæringa	28
4.6.3.	Administrasjon	28
4.6.4.	Økonomi	28
4.6.5.	Statstilskot	28
5.	OPPVEKSTMILJØET I FUSA KOMMUNE	29
5.1.	Skildring av skule/barnehage/oppvekstkrinsen slik dei ser det sjølv	29
5.1.1.	Folketalssamansetjinga	29

5.1.2.	Bu-område og vegar	29
5.1.3.	Infrastruktur forøvrig (vegar post bank etc)	30
5.1.4.	Fritidsaktivitetar lag og organisasjonar som held til i krinsen	30
5.1.5.	SFO (mål. organisering, omfang, deltaking)	30
5.1.6.	Praktisk, sosialt og kulturelt arbeid ved eininga	30
5.2.	Samarbeidspartane	30
5.2.1.	Bruken av skule-, barnehage-, oppvekstanlegga utanom vanleg opningstid	30
5.2.2.	Samarbeid med brukarar av anlegga utanom vanleg opningstid – omfang	31
5.2.3.	Korleis bør samarbeidet vera i framtida?	31
5.2.4.	Samarbeidet med Kulturskulen – omfang, korleis, om kva	31
5.2.5.	Korleis bør samarbeidet med Kulturskulen vera i framtida?	31
5.2.6.	Samarbeidet med PPT – omfang, korleis, om kva	31
5.2.7.	Korleis bør samarbeidet med PPT vera i framtida?	31
5.2.8.	Samarbeidet med rådsorgana – omfang, korleis, om kva.....	31
5.2.9.	Korleis bør samarbeidet med rådsorgana vera?	31
5.2.10.	Samarbeidet med andre offentlege instansar –omfang.....	32
5.2.11.	Korleis bør samarbeidet med andre offentlege instansar vera?.....	32
5.2.12.	Samarbeidet med lag og organisasjonar –omfang.....	32
5.2.13.	Korleis bør samarbeidet med lag og organisasjonar vera?.....	32
5.2.14.	Samarbeidet med heimane – korleis, om kva, omfang.....	32
5.2.15.	Korleis bør samarbeidet med heimane vera?	33
5.2.16.	Korleis plandokumenta vert brukte og fungerer i det daglege arbeidet	33
5.2.17.	Prosessane og metodane som vert brukt i arbeidet med mål og strategiar.....	33
5.2.18.	Personalutvikling – mål, ressursar og gjennomføring.....	33
5.3.	Uteareala.....	33
6.	RESSURSSITUASJONEN	34
6.1.	Barnehage.....	34
6.2.	Skule.....	35
6.3.	Ressurstildeling	40
6.4.	Oppsummering	42
7.	KOMPETANSEUTVIKL	43
7.1.	Barnehage.....	43
7.1.1.	Overordna mål.....	43
7.1.2.	Etterutdanning	43
7.1.3.	Vidareutdanning	44
7.2.	Skule.....	44
7.2.1.	Etterutdanning	44
7.2.2.	Vidareutdanning	45
8.	BYGNINGAR – STATUS OG UTFORDRINGAR.....	46
8.1.	Arealnormer- og rammer.....	46
8.1.1.	Barnehage.....	46
8.1.2.	Grunnskulen (barnetrinnet og ungdomstrinnet)	46
8.1.3.	Kulturskulen	47
8.2.	Kommunale byggdata	48
8.3.	Dei enkelte bygg.....	49
8.3.1.	Nore Fusa oppvekstsenter	49
8.3.2.	Fusa ungdomsskule	50
8.3.3.	Fusa oppvekstsenter	51
8.3.4.	Strandvik oppvekstsenter	52
8.3.5.	Søre Fusa oppvekstsenter	52

8.3.6.	Holdhus oppvekstsenter	53
8.3.7.	Eikelandsosen skule	53
8.3.8.	Jettegryto barnehage.....	53
8.4.	Hovudoppsumming bygningar	54
8.5.	Universell utforming	54
9.	STRUKTUR TILPASSA ØKONOMISKE RAMMER	55
9.1.	Skule- og barnehagestruktur i Fusa 2009	55
9.2.	Evaluering av gjeldande skule- og barnehagestruktur	55
9.3.	Økonomi.....	57
9.3.1.	Statstilskot	57
9.4.	Framtidig skulestruktur	58
9.5.	Barnehagestrukturen i Fusa.....	62
10.	VEDLEGG	64

1. BAKGRUNN

1.1. Mål for planen

- Gje oversikt for å kunna ta avgjerd om utviklinga i skule og barnehage i Fusa både når det gjeld læringsmiljøet til elevane, og det fysiske og psykososiale miljøet .
- Gje rammer for system for kvalitetssikring.
- Gje oversyn over kva bygningsmessige tiltak som må gjennomførast.
- Gj oversyn over tiltak for å få tilfredsstillande uteområde.
- Planen skal gje mål og politisk styring på viktige område innan barnehage, skule, SFO og kulturskule.
- Planen skal gje administrasjonen rammeverk og hjelpemiddel til å setja måla ut i livet.

1.2. Prosess og deltakarar

Staben har hatt hovudansvaret for å skriva første planutkastet. Einingsleiarane, andre fagpersonar og organisasjonane var involverte i arbeidet.

Etter at høyringsutkastet var politisk behandla, vart Bedriftspedagogisk Senter (BPS) leigt inn for å yta konsulenthjelp. Planarbeidet vart lagt opp som prosjekt med oppnemnt prosjektleiar. Mange av einingsleiarane, andre fagpersonar og leiar og nestleiar i ungdomsrådet har delteke i ulike arbeidsgrupper. Desse arbeidsgruppene har vore med og utarbeidd visjon, overordna mål og mål for helsefremjande og førebyggjande tenester, kultur i oppvekst , oppvekst 0-16 år og vaksenopplæringa.

1.3. Politisk handsaming

Driftsutvalet vedtok rammer og framdrift for planen på møte 6. februar 2008. Status for planen vart rapportert til driftsutvalet på møte 2. april 2008. Driftsutvalet gjorde vedtak om å senda planen ut på høyring i møte 11. juni 2008. Etter høyringsrunden gjorde driftsutvalet vedtak om å arbeida vidare med planen på ein del punkt.

Ny plan vert sak på møte i driftsutvalet 25. nov. 2009.

2. VERDIAR – VISJON - OVERORDNA MÅL

Denne planen er utarbeidd i godt samarbeid med mange av dei som leverer tenester til dei som veks opp i Fusa kommune.


Arbeidet har vore organisert dels som storsamlingar og dels i arbeidsgrupper. På storsamlingane har folk frå skule, barnehage og oppvekstsenter arbeidd saman med kollegar frå helse, rehabilitering, ppt, kultur, kulturskule, vaksenopplæring og barn, familie og velferd. Ungdomsrådet har også teke del i arbeidet.

2.1. Prinsipper for arbeidet

I samarbeidet har vi hatt ein felles modell som grunnlag for arbeidet.

Slik ser modellen ut:

Prinsippskisse for arbeidet



Fusa kommune har vedteke sine verdier. Dei ligg som ei grunnleggande rettesnor for alt arbeidet i kommunen sin regi. Moderne organisasjonsforskning har vist at dei beste organisasjonane i verda, er dei som heldt fast på nokre få grunnleggande forhold år etter år. I dei fleste høve har det vist seg at desse forholda er grunnleggande sett med verdier som følgjer organisasjonen over generasjonar.

Derfor har vi sett på Fusa sine verdier som navet som det andre dreiar seg rundt. Dei vart vedteke i 2003, og dei har vore og er viktige rettleiarar i det daglege arbeidet i kommunen. Det er også slik at jo nærare navet ein er, jo mindre trong skal det vera for hyppige endringar. Fusa sitt sett med verdier er kjende for dei fleste, men det skadar ikkje å gjenta det som er godt og positivt:

- Respekt
- Omsorg
- Modig
- Samarbeid
- Løysingsorientert
- Engasjert
- Godt humør

I modellen, vist over, er nivået utanfor verdiane visjon. Ein visjon er eit tankebilete av ei ønskt framtid. Gjennom prosessen som leiar fram til denne planen, har dei som jobbar med oppvekst, vore involverte i å utvikla og formulera ein visjon for oppvekst i Fusa kommune. Meininga med visjonen er mellom anna

- å inspirera og engasjera
- å gje retning for arbeidet
- å verka samlande

2.2. Visjon og overordna mål

Den vedtekne visjonen for oppvekst i Fusa kommune er:

**- Fusa for framtida –
Trygg, stolt og sterk**

Me byggjer identitet og kompetanse i eit skapande oppvekstmiljø

Gruppene som har arbeidd med visjonen har og formulert overordna mål for det å veksa opp i Fusa kommune. Desse overordna måla er også vedtekne av driftsutvalet.

Fusa kommune skal:

- © Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet
- © Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel
- © Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa
- © Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling
- © Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald
- © Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk

Dei overordna måla skal gje retning for arbeidet i den einskilde eininga, men dei gjer og ein tydeleg retning i høve heilskapeleg tenking og samarbeid einingane imellom.

2.3. Tverrfaglegheit

Slik dei overordna måla er formulerte, vert det klart at oppvekst i Fusa er eit felles ansvar for alle som har med born og unge å gjera.

I arbeidet med denne planen har det difor også vore arbeidd med å synleggjera korleis ein tenkjer seg involveringa av alle dei kommunale instansane som arbeidar med born og unge. Det har vore fire arbeidsgrupper som har definert mål, delmål, tiltak og ansvar i høve ulike vinklingar på tverrfagleg samarbeid i kommunen.

Heile oversikten over arbeidet til gruppene ligg vedlagt. Der vil ein sjå at mykje ansvar ligg på einingsleiarane, og det vil vera opp til dei å ”bestilla” tenester som krev tverrfaglegheit ut frå behov som ein ser i den einskilde eining.

Nedanfor syner vi arbeidsgruppene sine forslag til samanhengen mellom dei overordna måla og meir operasjonelle mål (grunnlaga for tiltak).

Oppvekst 0 – 16 år
Oversikt overordna mål og operasjonelle mål

	Barnehage – skule –SFO	Barnehage – skule – rehabilitering – helsesøster – barn, familie og velferd - ppt - kommuneoverlege	Barnehage – skule – kulturskule – kulturkontor – bibliotek	Vaksenopplæringa – Fusa ungdomsskule
Overordna mål	Delmål			
<p>⊙ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet</p>	<p>⊙ Overgangar som tek i vare behova til det einskilde barnet</p> <p>⊙ Har godt samarbeid med brukarar og lokalmiljø</p>	<p>⊙ Samordna alle ressursar for best mogeleg tilrettelegging for gode oppveksttilhøve</p> <p>⊙ Så tidleg som råd er, planlegga og bygga oppunder enkeltindividar sine særskilte behov</p>	<p>⊙ Lokalhistorie og lokale tradisjonar er grunnleggande tema i undervisninga</p>	<p>⊙ skapa heilskap og identitet for brukarane</p> <p>⊙ eit organisatorisk fellesskap med Fusa ungdomsskule</p>
<p>⊙ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel</p>	<p>⊙ Praktisera verdisettet vårt ROMSLEG</p> <p>⊙ Krava i Rammeplanen og Opplæringslova (§9-a) vert stetta</p> <p>⊙ Trygge og tydelege vaksenmodellar</p> <p>⊙ Bygningar og uteområde oppfyller krava i Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule</p>	<p>⊙ Robuste rutinar for samarbeid og oppfølging av vedtekne forskrifter og vedtekne planar</p>	<p>⊙ Tilbod om trygge nettverk og ei aktiv fritid for alle</p>	<p>⊙ ha eit godt og trygt læringsmiljø med høg trivsel</p>
<p>⊙ Har høg fagleg kvalitet i opplæringa.</p>	<p>⊙ Kompetent personale</p>	<p>⊙ Legga opp rutinar som avdekkar særlege behov tidleg, og planlegga og tilrettelegga for størst mogeleg eigen meistring</p>	<p>⊙ Fullverdig skulebibliotek for alle</p>	<p>⊙ ha høg fagleg kvalitet i opplæringa</p>

	Barnehage – skule –SFO	Barnehage – skule – rehabilitering – helsesøster – barn, familie og velferd - ppt - kommuneoverlege	Barnehage – skule – kulturskule – kulturkontor – bibliotek	Vaksenopplæringa – Fusa ungdomsskule
Overordna mål	Delmål			
⊙ Tilpassar opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling.	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Alle instansar som har ansvar for barn og unge legg til rette for meistring og utvikling ⊙ Følgjer måla i Rammeplanen og Kunnskapsløftet 	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Følgja føringane i Opplærings-lova 		<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Tilpassa opplæringa til den einaskilde
⊙ Fremjar fysisk aktivitet, og stimulerer kulturell kreativitet og mangfald.	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Legg til rette og nyttar dei fysiske miljøa i eit mangfald av aktivitetar ⊙ Styrkja samarbeidet mellom offentlege instansar og med heimane, lag og andre interessantar i oppvekstmiljøa 	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Fremja fysisk og psykisk helse for å førebyggja sjukdom og skade 	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Fysisk aktive kvar dag ⊙ Kunst og kultur i barnehage og skule 	
⊙ Vektlegger tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Etablere rutinar og møtestruktur for tverrfagleg samarbeid ⊙ Samordna kommunen sine samla ressursar for oppvekst. 	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Sikra god kompetanse og kvalitet 	<ul style="list-style-type: none"> ⊙ Optimalisera bibliotektilbodet ⊙ Byggja opp utstyrspakkar for formidling og utøving av kultur ⊙ Byggja opp utstyrspakkar til idretts- og friluftaktivitet 	

2.4. Førebygging og tverrfaglegheit

Førebygging vil seie at ein legg oppvekstforholda slik til rette at born og unge opplever å meistre sin eigen situasjon og at dei ser på seg sjølve som ressursar og viktige i samfunnet. Born og unge må oppleve at dei vert tekne på alvor, og at dei er viktige medspelarar. Her må vi også ta utgangspunkt i visjonen:

**- Fusa for framtida –
Trygg, stolt og sterk**

Me byggjer identitet og kompetanse i eit skapande oppvekstmiljø

I desse korte frasene ligg mykje av nøkkelen for at vi skal lukkast i høve oppvekstområdet i Fusa kommune.

- ⇒ Forholda skal leggjast til rette for å sjå framover.
- ⇒ Forholda skal leggjast til rette slik at dei som veks opp i kommunen opplever seg som trygge samfunnsborgarar, stolte over det dei er og den kulturen dei er ein del av, og at dei er sterke i møte med utfordringane i framtida.
- ⇒ Forholda skal leggjast til rette slik at den einskilde opplever seg som eit individ med sin eigen, sjølvstendige identitet.
- ⇒ Forholda skal leggjast til rette for at den einskilde utviklar kompetansen sin så langt den enkelte kan nå.
- ⇒ Forholda skal leggjast til rette for at det vert utvikla skapande oppvekstmiljø.
- ⇒ Dei overordna måla, delmåla og tiltaka som arbeidsgruppene har arbeidd ut, ivaretek til saman alle desse forholda.

Samstundes ser vi óg at det er eit stort behov for at alle dei ulike ressursane arbeidar saman og ser sin rolle i oppvekstmiljøa i kommunen.

Dei må leggja opp arbeidsrutinar som sikrar god utnytting av kompetansen på tvers i kommunen. Det må vidareutviklast ein kultur som er meir oppteken av å dela kompetanse enn å byggja skott mellom ulike profesjonar.

Det vil difor vera særskild viktig at nettverka som samarbeidar om oppvekst i Fusa, legg opp årlege planar for å sikra god og effektiv førebygging.

Samstundes skal dei óg sjå på seg sjølve som ein samla ressurs for å kunne ”rykka ut” med rette kompetanse når særlege høve krev det.

Konklusjon

- I Fusa kommune bør det leggjast vekt på å samordna ressursane innanfor oppvekst.
- Tverrfagleg samarbeid skal vera eit viktig virkemiddel for å utvikla og gjennomføra fleire førebyggjande tiltak.
- Det bør bli lagt til rette for at det kvart år vert laga resultatmål og tiltak, ikkje berre på einingsnivået, men også på det tverrfaglege området med utgangspunkt i dei overordna måla, delmåla og tiltaka som arbeidsgruppene har laga.

2.5. Leirskulen

Leiskuleopphald for 7. klassetrinnet er eit avgjerande ledd i ”Fusanisto”. ”Fusanisto” er eit lokalhistorisk opplegg som startar i småskulen og går opp til og med 7. klasse. Opplegget avsluttar med leiskuleopphald på Hålandsdalen Leirskole i fem dagar for alle 7. klasseelevane samtidig.

Til no har ”Fusanisto”, inkludert leiskuleopphaldet, vist seg svært verdifullt.

Konklusjon

Fusa kommune bør halda fram med leirskuleopphald på Hålandsdalen Leirskole for 7. årstrinn.

3. KVALITET OG KVALITETSSIKRING

3.1. Barnehagen

3.1.1. Kvalitet i barnehagen

Regjeringa har nyleg utarbeidd St.meld. nr.41 (2008-2009) *Kvalitet i barnehagen*. Det overordna målet i stortingsmeldinga er å bidra til god kvalitetsutvikling i barnehagen. Barnehagelova og rammeplanen definerer kva eit godt barnehagetilbod skal vera. I St.meld. nr.41 (2008-2009) set regjeringa opp tre hovudmål for kvalitetsarbeidet i barnehagane:

- ◆ Sikre likeverdig og høy kvalitet i alle barnehager
- ◆ Styrke barnehagen som læringsarena
- ◆ Alle barn skal få delta aktivt i et inkluderende fellesskap

3.1.2. Tiltak i meldinga

- Kompetanseutvikling:
 - Tilby alle nyutdanna førskulelærarar rettleiing frå 2011 – 2012
 - Vidareføra tiltak i den nasjonale kompetansestrategien 2008-2010
 - Auka talet på tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Vektleggja meir samarbeidet mellom barnehage og heimane. Vil oppretta eit nasjonalt foreldreutval for barnnehagar(FUB)
- Utvikla nasjonalt system for å følgja med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren.
- Utarbeida ein årleg nasjonal rapport om tilstanden i barnehagesektoren.
- Oppretta ein nettportal om og for barnehagar.

Departementet vil vurdere om kompetansen hos lokale barnehagemyndigheter er tilfredsstillande.

Når det gjeld dokumentasjon og vurdering, vil departementet m.a.:

- *utarbeide nye bestemmelser om dokumentasjon og vurdering av enkeltbarn og barnehagens pedagogiske arbeid*
- *utarbeide faglige kriterier for å sikre god kvalitet i dokumentasjons- og vurderingsarbeidet*
- *utarbeide en veileder om kartlegging, dokumentasjon og vurdering*

Barnehagen skal tilby alle barn, uansett føresetnader og familiebakgrunn, gode utviklings- og aktivitetsmuligheter.

Departementet vil blant anna:

- *innføre krav om at alle barnehager skal gi tilbud om språkkartlegging til alle barn som går i barnehage*
- *utarbeide veiledere til bruk og oppfølging av anbefalte språkkartleggingsverktøy når en faglig vurdering er gjennomført.*
- *Utarbeide en veileder om samarbeid mellom barnehage og barnevernstjenesten (i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet)*

Styrke førskulelærerutdanningen innenfor tema om vold og omsorgssvikt

3.1.3. Kvalitetsvurdering

Frå statleg hald er det pr. dato ikkje utarbeidd eit system for kvalitetsvurdering i barnehagane. Departementet vil utvikla eit sett med indikatorar, samla inn data knytta til desse og bruka dette for å kunne følgja utviklinga tett. Dette vil danna grunnlag for framtidig styring av sektoren.

Kommunen som barnehagemyndighet innehar tre funksjonar når han skal sikra at barna får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod:

- Aktiv rettleiing av barnehagar som sikrar dei krav som vert sette i barnehagelova med tilhøyrande forskrifter.
- Godkjenning av barnehagar etter vurdering av om barnehagen eignar seg i forhold til mål og innhald.
- Tilsyn som verkemiddel for å sikra at kvaliteten på tilbodet til barna er tilfredsstillande.

I kommuneadministrasjonen i Fusa er det ikkje tilsett personell med barnehagefagleg kompetanse som kan rettleia og gje råd til barnehagane i pedagogiske spørsmål.

Kommunen har så langt ikkje utarbeidd kvalitetsvurderingssystem for barnehagane.

Sporadisk har barnehagane hatt spørjeundersøkingar mellom foreldra. Det har vore positive tilbakemeldingar der foreldra opplever barnehagane som gode, men desse tilbakemeldingane er ikkje sett i ein større samanheng.

KS og Utdanningsforbundet har gjeve ut ein faldar om rekruttering av førskulelærarar til barnehagane. Der vert det peika på at den store satsinga på barnehager dei siste åra no for alvor gjev resultat. Ikkje minst er ein no like ved å nå målet for full barnehagedekning i heile landet.

Samtidig opplever mange barnehagar - både kommunale og private – ein situasjon der det er vanskeleg både å rekruttera og behalda førskulelærarar. Dette gjev grunn til bekymring sidan det er full enighet om at dyktige og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for god kvalitet i barnehagen. Faldaren ” *Kvalifisert personale – en nøkkel til gode barnehager*” gjev m.a. tips om korleis ein kan leggja opp til ein lokal strategi for rekruttering av førskulelærarar, marknadsføring av barnehagen som arbeidsplass og betydninga av å kunna tilby alternative karriereveggar. Ved utarbeiding av kompetanseutviklingsplan for barnehagane, bør ein henta idéar frå faldaren.

3.1.4. Tilsyn

Barnehagelova § 16 slår fast at kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gje rettleiing og føra tilsyn med at alle barnehagar, både ikkje-kommunale og kommunale vert drivne i samsvar med barnehagelova, forskrifter og rammeplan. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjende eller godkjenningspliktige verksemdar.

Midthordland kompetanseregion har teke initiativ til interkommunalt samarbeid om tilsyn. Alle kommunane vil vera med. Etter planen skal kursing av personar som skal delta i tilsynskorpset, gjennomførast i nov. 2009. Os kommune tek ansvaret for kursing og å setja opp tilsynsplan.

Konklusjon

- ◆ Når eit nasjonalt system for å følgja med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren er utvikla, bør Fusa kommune følgja opp dette lokalt.

- ◆ Kommunen bør utarbeida ein plan for gjennomføring av tilsyn i alle barnehagane i regionen i samarbeid med Midthordland kompetanseregion. Det må gå fram av planen kva barnehagar som skal få tilsyn det enkelte året, og kva som skal vera tilsynsområde for den enkelte barnehage.
- ◆ Det skal vurderast å tilsetja person med barnehagefagleg kompetanse i sentral-administrasjonen.
- ◆ Kommunen bør, i samband med utarbeiding av kompetansehevingsplan for 2010, utforma ein strategi for rekruttering av førskulelærarar, marknadsføring av barnehagen som arbeidsplass og betydninga av å kunna tilby alternative karrierevegar.
- ◆ Kommunen bør ha som mål å følgja opp den nasjonale målsettinga å auka talet på tilsette med barnehagefagleg kompetanse i barnehagane.

3.2. Skulen

3.2.1 Kvalitet

”Samfunnet har gitt grunnopplæringen et omfattende mandat som konkretiseres i formålsparagrafen for grunnopplæringen, den øvrige delen av opplæringsloven og forskriftene, herunder læreplanens generelle del, prinsipper for opplæringen og læreplanene i fag. Kvaliteten i grunnopplæringen kjennetegnes av i hvilken grad de ulike målene for grunnopplæringen i samfunnsmandatet faktisk virkeliggjøres.” (St.meld. nr. 31 (2007-2008).

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) ... og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring la Kunnskapsdepartementet fram omfattande dokumentasjon på sosiale ulikskapar i utdanningssystemet vårt, og peika på tidleg innsats og gjennomgåande forbetringar av kvalitet i utdanningssystemet som hovudgrep for å sikra at innbyggjarane i alle lag av samfunnet skal ha like muligheter til utdanning.

Vurdering av kvaliteten i grunnopplæringa byr på mange utfordringar. Ikkje alle sider ved kvaliteten i skulen lar seg måla. Etablering av nye målemetodar og målesystem har gjeve ny og viktig kunnskap for nasjonale utdanningsstyresmakter og for sektoren. Denne kunnskapen er det viktig å utnytta for å oppnå forbetringar på dei områda som blir vurdert. Samtidig er det viktig å understreka at ei rekkje mål for skulen, både faglege og dei som gjeld verdier og haldningar, ikkje er vurdert gjennom slike undersøkingar. På fleire område er det difor vanskeleg å gje gode vurderingar av kvaliteten i norsk skule, både av utviklinga over tid og samanlikna med andre land.

St.meld. nr. 16 (2006-2007) gjer greie for korleis barn si læring dei første åra har stor betydning for kunnskapar og dugleikar seinare i livet. Barnet sine sosiale og språklege dugleikar ved skulestart har stor betydning for læringsutbyttet i skulen. Det er ein klar samanheng mellom språkforståinga i ung alder og lesedugleikar dei første skuleåra. Mange kommunar og skular har sett i verk tiltak i førskulealder for å betra innlæringa av grunnleggjande dugleikar dei første skuleåra. Likevel er det for mange barn som framleis ikkje får nok støtte til å tileigna seg dei grunnleggjande dugleikane. Det er óg for mange elevar med spesielt gode dugleikar eller evne som ikkje får nok utfordringar i skulen.

I St.meld. nr 31 (2007-2008) *Kvalitet i skulen* set regjeringa mål for innhaldet i skulen:

Mål for kvalitet i grunnopplæringa:

Regjeringa meiner at det er behov for å setja nokre klare mål for kvaliteten i grunnopplæringa. Måla er gjennomgåande for alle nivå i sektoren og skal ha betydning for opplæringa ved den enkelte skule og for den enkelte elev.

For kvart mål vert det presentert indikatorar som skal gje grunnlag for å vurdera kor langt kommunane og landet som heilskap er komne i å nå måla. Indikatorane skal supplerast med kvalitative vurderingar.

Målsettingane gjev klare signal til heile sektoren om kva aspekt ved grunnopplæringa som bør prioriterast.

Regjeringa set følgjande mål for grunnopplæringa:

1. Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistra grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.

Dei indikatorane som vil bli nytta for å vurdere grad av måloppnåing og trend, er følgjande:

- ◆ På nasjonalt nivå: andelen elevar som presterer på lågaste kompetansenivå i dei internasjonale undersøkingane i lesing og matematikk.
- ◆ På lokalt nivå: andelen elevar som presterer på lågaste nivå i lesing og rekning ved dei nasjonale prøvene samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet.

2. Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføra vidaregåande opplæring med kompetansebevis som gjeld for vidare studier eller arbeidslivet.

Dei indikatorane som vil bli nytta for å vurdere grad av måloppnåing og trend, er følgjande:

- ◆ Kor mange som fullfører ordinær vidaregåande opplæring fordelt på yrkesførebuande og studieførebuande opplæringsprogram.
- ◆ Kor mange som oppnår planlagt kompetanse på lågare nivå blant dei som ikkje gjennomfører ordinær vidaregåande opplæring.

3. Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring.

Dei indikatorane som vil bli nytta for å vurdere grad av måloppnåing og trend, er følgjande:

- ◆ Kor mange som trivest godt.
- ◆ Kor mange som vert mobba.
- ◆ Kor mange som får nok utfordringar i skulen.
- ◆ Kor mange som oppgjev at opplæringa er tilpassa deira nivå.
- ◆ Kor mange som får faglege tilbakemeldingar.

På dette området skal indikatorane vidareutviklast.

Regjeringa oppfordrar skuleeigarar og skular til å setja konkrete mål for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sett opp. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet med nasjonale prøver, Elevundersøkelsen og Skuleporten gjer det mogeleg for kvar enkelt kommune og skule å vurdere si eiga måloppnåing. Regjeringa vil utvikla kvalitetsvurderingssystemet slik at det vert mogeleg å vurdere utviklinga av elevane sitt læringsutbytte betre.

3.2.2 Klarare nasjonal styring

I sum varslar stortingsmeldinga ei klarare nasjonal styring av skulen. Skulen er ein berebjelke i det norske samfunnet. Høg kvalitet er avgjerande både for den enkelte og for samfunnet. Mennesket sine kunnskapar og evne er den viktigaste delen av nasjonalformuen. Ein aktiv, nasjonal skulepolitikk må ha som sitt fremste mål å sikra alle like muligheter, realisera skulen sitt samfunnsmandat, og sikra god forvaltning og vidareutvikling av kunnskapsformuen. Kunnskapsformuen er både dei haldningar og verdiar som opplæringa formidlar, og dei dugleikar og den kunnskap elevar tar med seg vidare i livet.

Det er ein god del kunnskap om kva som verkar og kva som ikkje verkar i skulepolitikken. Denne kunnskapen må få konsekvensar for korleis ressursane skal brukast.

Kompetanseutvikling vil frå regjeringa si side bli prioritert inn mot område der behovet er størst. Midlar til etter- og vidareutdanning bør styrast med utgangspunkt i kunnskap om behov og eksisterande kompetanse. Det må samtidig vera eit godt samarbeid med lokale

styresmakter, og det må vera mogeleg for den enkelte skuleeigar til å prioritera ut frå lokale behov innanfor ramma av ei nasjonal satsing.

Regjeringa vil medverka til å retta meir merksemd og ressursar inn mot tidleg innsats. Eit godt samspel mellom skule og barnehage skal gjera barna godt førebudde til skulen. Det er viktig at elevane vert sett frå første skuledag. Det er nødvendig å prioritera utvikling av sentrale grunnleggjande dugleikar tidleg. Difor må kartlegging, ressursar og kompetanseutvikling støtta tidleg innsats.

Kunnskapsløftet stiller store krav til det lokale nivået. Det er behov for å tetta hol i Kunnskapsløftet ved å gje meir rettleiing om innhaldet, men òg meir støtte til å gjennomføra Kunnskapsløftet lokalt.

3.2.3 Betre lokal oppfølging

Kommunane må styrkja rollen sin som skuleeigar slik at dei har dei nødvendige reiskapar og den kompetanse som er nødvendig for å utnytta fullmaktene sine til lokal styring på ein god måte. Dei seinare åra er det gjeve betydeleg handlefridom til lokale styresmakter i skulepolitikken. Mange skuleeigarar følgjer opp ansvaret på ein god måte. Mange komunar har derimot bygt ned den skulefaglege kompetansen, noko som gjer det vanskeleg med ein god og aktiv oppfølging av skulane i kommunen. Mange skular har eit for svakt støtteapparat rundt leiinga og for liten kapasitet til å driva fagleg utvikling og følgja opp skulen sine resultat på ein god måte. Dette kan gje urimelege ulikskapar. Det er nødvendig med ei klar styring som trekkjer i same retning, og det er behov for meir støtte til mange av desse skuleeigarane. Leiinga på den enkelte skule skal styrkjast gjennom at det vert stilt auka krav til skuleleiarane sin kompetanse. Regjeringa forventar at skuleeigarane tek eit sterkare ansvar for oppfølging av elevane sitt utbytte av opplæringa, men gjev samtidig tilbod om meir støtte frå nasjonalt nivå.

Eit godt skuletilbod til elevane føreset at staten, skuleeigarar, skuleleiinga og dei tilsette på skulen trekkjer i same retning. Forvaltninga av kunnskapsformuen er ei oppgåve som krev felles innsats.

3.2.4 Strategiar og tiltak (frå statsbudsjettet for 2010)

- Heilskapleg skuledag
 - Undervisningstimetalet på 1. – 7. trinn vert utvida med ein veketime.
 - Gratis tilbod om 8 timar til leksehjelp for elevane på 1. – 4. trinn.
- Kompetanseutvikling
 - Vidareutdanning av lærarar.

Kompetansen til lærarane er blant dei viktigaste enkeltfaktorane for læringsutbyttet til elevane. Mange studiar viser at høg fagleg pedagogisk kompetanse hos lærarane er eit sentralt vilkår for elevane si læring. Samtidig viser evalueringar at det er mange lærarar som har behov for å styrkja den faglege kompetansen sin.

Midlar til etterutdanning i prioriterte fag vert reduserte i 2010 som følgje av at meir av kompetansemidlane blir nytta til vidareutdanning.

- Heilskapleg system for vurdering

Ein føresetnad for å kunna setja i verk effektive tiltak på alle nivåa i grunnopplæringa er kunnskap om tilstanden. Forskning har avdekt tydelege effektar på elevane sitt læringsutbytte av både kvalitativt god elevvurdering og systematisk resultatoppfølging på skulenivå. Samtidig viser evalueringar at vurderingskulturen i skulen framleis er for svak. Elevane kjenner ikkje til kriteriana for vurdering, dei får ikkje fagleg konstruktive tilbakemeldingar i tilstrekkeleg grad, og vurderingspraksisen varierer mellom lærarar.

Mange skuleeigarar manglar systematisk oppfølging av resultata i brei forstand ved eigne skular. Mange skuleeigarar manglar system for om dei oppfyller opplæringslova. Departementet vil difor føra vidare arbeidet med å forbetra vurderingspraksisen til lærarane. Vurdering vil framleis vera eit sentralt tema i etter- og vidareutdanning, i verksemda til rettleiarkorpsa og i rettleiingar til læreplanar for fag. Departementet vil óg setja i verk fleire tiltak for å styrkja kvaliteten på nasjonalt kvalitetsvurderingssystem.

3.3. Kvalitetsvurdering.

3.3.1 System for kvalitetsvurdering

Opplæringslova § 13.10 set krav til kommunen om at ein skal ha eit system for å vurdere kvaliteten i opplæring for å sikra at tilbodet ligg innafor dei vilkår som vert sett i lov og forskrift.

Kommunen skal synleggjera at det er system og rutinar som sikrar kvalitet i alle ledd. Ein skal visa at det vert etterprøvd om system og rutinar faktisk vert fylgt, og til sist skal ein visa at eventuelle avvik vert teke tak i og retta opp.

Så langt har kommunen utarbeidd kvalitetssikringssystem i forhold til kapittel 5 i opplæringslova: Spesialundervisning.

Det står att å utarbeida system for kvalitetssikring på dei andre områda i opplæringslova.

Departementet har utarbeidd eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem.

I dette systemet inngår: - Nasjonale prøver,

- Elevundersøkelsen
- Kartleggingsprøver
- Standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

Tabell 3.1 Oversyn over tiltak i kvalitetsvurderinga:

Tiltak:	Utarbeidd av/ heimel:	Fag/emne:	Årstrinn:	Obligatorisk/ikkje obl.:
Nasjonale prøver	Utdannings- direktoratet	Lesing på norsk Lesing på eng. Rekning	5. og 8. 5. og 8. 5. og 8.	Obligatorisk. Obligatorisk. Obligatorisk.
Elevundersøkelsen	Utdannings- direktoratet	- Bakgrunn - Trivsel - Motivasjon - Læring - Vurdering og rettleiing - Arbeidsmiljø - Elevmedverknad.	7. og 10.	Obligatorisk.
Lærerundersøkelsen	Utdannings- direktoratet	- Trivsel - Motivasjon - Læring - Vurdering og rettleiing - Arbeidsmiljø - Elevmedverknad		Ikkje obligatorisk

Foreldre-undersøkelsen	Utdanningsdirektoratet	<ul style="list-style-type: none"> - Bakgrunn - Informasjon frå skulen - Informasjon til skulen - Dialog og medverknad - Kjennskap og forventning - Støtte frå foreldre/føresette - Utviklingssamtale/konferansetime - Fysisk miljø og materiell på skulen. - Læringsforholda på skulen - Rettleiingsressursar 		Ikkje obligatorisk
Vurdering utan karakter	Prosjekt utarbeidd av Fusa ungdomsskule og Søfteland skule	<ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid - Respekt og toleranse - Kreativitet - Ansvar for eiga læring - Arbeidsmiljøet 		Skal brukast i alle kommunale skular i Fusa.
Standpunkt-karakterar	Forskrift til opplæringslova.	Dei fleste faga i Kunnskaps-Løftet. (L06)	Det året faget vert av-slutta.	Obligatorisk (Finst unnatak)
Eksamens-kar. - Skriftleg eks. - Munnleg eks.	Forskrift til opplæringslova.	Nokre av faga i L06	10.	Obligatorisk
Ekstern vurdering	Midthordland Kompetanseregion	Alle skulane i regionen		Obligatorisk
Rettleiing	Midthordland Kompetanseregion	Tilbod til alle skulane i regionen		Ikkje obligatorisk
	Nasjonalt rettleiingskorps.	Tilbod til skular som skorar lågt på nasjonale prøver.		Tre skular i regionen deltek 2009-2010.

Midthordland kompetanseregion har eit vurderingskorps som gjennomfører ekstern vurdering av alle skulane i regionen i løpet av ein treårsperiode. Skulane skal før den eksterne vurderinga gjennomføra ein ståstadsanalyse utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. Ut frå resultatet av ståstadsanalysen skal skulane, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen, velja vurderingstema.

Den eksterne vurderinga endar opp med ein offentleg og ein konfidensiell rapport frå vurderinga. Den offentlege rapporten vert lagt ut på heimesida til regionen:

<http://www.midthordland-kompetanseregion.no>.

Midthordland kompetanseregion har nyleg oppretta eit rettleiarkorps/rettleiarnettverk etter ønskje frå skulane i regionen. Dette for at dei skulane som ønskjer det, skal kunna få hjelp av ein eller to eksterne rettleiarar i arbeidet med å følgja opp det utviklingsområdet som går fram av rapporten frå den eksterne vurderinga.

3.4. Tilpassa opplæring

Kvaliteten på opplæringa elevane i Fusa skal få, handlar óg om i kva grad elevane får tilpassa opplæring.

I Opplæringslova står det følgjande i § 1-3. *Tilpassa opplæring og tidleg innsats :*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidat.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Skal ein kunna gje tilpassa opplæring, må ein ha evne (kompetanse) og vilje til å organisera undervisninga slik at kvar enkelt elev får best mogeleg utbyte av undervisninga. I mange tilfelle krev dette auka lærartettleik (delingstimar) til klassane.

Talet på timar til tilpassa opplæring (delingstimar), har gått ned i kommunen dei siste åra, medan timar til spesialundervisning har auka svært myke. Dette er stikk i strid med intensjonane i Kunnskapsløftet der det er ei målsetting å ha så god tilpassa opplæring at berre enkelte elevar treng spesialundervisning.

I ressurstilodelingsmodellen som gjeld for tildeling av ressursar til skulane i Fusa, har ein lagt inn styrking av lærartettleiken på 1. – 4. årssteget.

3.5. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Opplæringslova § 5-6 seier at kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

PPT skal gje råd om hjelp til barn under opplæringspliktig alder når det er behov for det. PPT kan óg yta slik hjelp.

Vidare er PPT det formelle organet som utarbeider sakkunnige vurderingar for å vurdere om det er behov for spesialundervisning for eit barn med utgangspunkt i opplæringslova kap. 5. PPT er óg med å utarbeida individuell opplæringsplan for elevane som ved enkeltvedtak blir tildelt ressursar til spesialundervisning.

Tenestene PPT skal yta gjeld både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og skular. Sidan Fusa har svært mykje spesialundervisning, medfører dette at ein stor del av kapasiteten til PPT blir brukt til utarbeiding av sakkunnige vurderingar. Det er ei nasjonal målsetting at kompetansen til PPT i større grad skal kunna brukast ute på einingane for å gje råd og rettleiing til personalet. PPT vil då få ei meir sentral rolle i utviklingsarbeidet på den enkelte eining.

3.6. IKT (Informasjons- og kommunikasjonsteknologi)

IKT har på mange måtar revolusjonert samfunnet vårt. Å kunna bruka digitale verktøy er eit vilkår for å kunna orientera seg i den informasjonen som i dag er tilgjengeleg. Å ha gode kunnskapar i IKT er avgjerande for å kunna delta i det moderne arbeids- og samfunnsliv.

IKT har ikkje nokon eigenverdi i seg sjølv. Hovudtanken med IKT i skulen er at bruken skal ha eit føremål:

- IKT som kjelde til læring
- IKT som motivasjon til læring
- IKT som verktøy i læring
- IKT i livslang læring

I læreplanverket i Kunnskapsløftet er fem grunnleggjande dugleikar (ferdigheter) integrerte i kompetansemåla for fag. Ein av desse grunnleggjande dugleikane er å kunna bruka digitale

verktøy. For kvart fag i læreplanen er det sagt korleis IKT skal kunna vera eit hjelpemiddel i faget. Elevane nyttar i dag IKT på mange område i opplæringa.

Når det gjeld nasjonale prøver, er nokre av desse elektroniske. Elevane gjennomfører prøven ved å bruka datamaskin. Elevundersøkelsen er òg elektronisk.

IKT-baserte prøver vert meir og meir nytta ved skriftleg aksamen. IKT er òg blitt eit vanleg hjelpemiddel ved munnleg eksamen i grunnskulen.

Fusa utarbeidde i for mange år sidan plan for IKT i skule, musikkskule, vaksenopplæring og barnehagar for 2002 – 2004. Tanken var at denne planen skulle rellerast og tilpassast utviklinga på området. Ny plan er ikkje laga, men mykje er likevel gjort:

- Alle skulane og barnehagane har datamaskinar med internett-tilknytning.
- Alle lærarane har fått opplæring i bruk av IKT.
- Alle lærarane har berbar PC.
- Alle skulane har heimesider.
- Alle skulane er knytt opp mot læringsplattforma ”It’s learning”.
- Kommunen har tilsett to personar som pedagogiske rettleiarar. Desse har ansvar for rettleiing i pedagogisk bruk av IKT i skulane (og barnehagane). Kvar stilling er på 12 %.
- Dei pedagogiske rettleiarane deltek i Midthordland kompetanseregion sitt IKT-nettverk.
- Alle skulane og barnehagane får teknisk hjelp frå IKT-ansvarlege på KommuneNet.
- Kommunen er med i ei interkommunalt prosjekt FEIDIKUS (Felles Ident-InterKommunalt UndervisningSamarbeid). FEIDE er eit konsept som går ut på at kvar brukar i utdanningssektoren - elevar og tilsette- får eit brukarnamn av skulen sin som kan brukast i heile sektoren. Same brukarnamnet vil virka både ved eigen institusjon og ved nasjonale fellestenester, med same passord eller sertifikat. Systemet må tilpassast lokalt.
- Som eit ledd i dette prosjektet vil alle skulane få tilgang til eit administrasjonsprogram.

Gjennom GSI-registreringa pr. 1. okt. kvart år får me oversyn over kor mange datamaskiner det er på kvar skule. Resultatet frå registreringa pr. 01.10.2009, går fram av tabellen nedanfor:

OVERSYN OVER DATAMASKINER OG INTERNETT-TILGANG.

Tabell 3.2

	Nore Fusa	Eikelands osen	Holdhus	Søre Fusa	Fusa	Strand-vik	Fusa u.sk.
1. Talet på datamaskiner til bruk for elevar utan internett-tilknytning:	2	6	0	0	19	2	0
2. Talet på datamaskiner til bruk for elevar med internett-tilknytning	14	18	21	15	19	16	60
3. Sum:	16	24	21	15	38	18	60
4. Elevtal	54	94	58	56	63	36	171
5. Elevar pr. datamaskin:	3	4	3	4	2	2	3

Oversynet gjev ikkje svar på i kva grad og korleis skulane nyttar IKT som verktøy i opplæringa.

Konklusjon:

- Kommunen bør, i samsvar med opplæringslova § 13-10 *Ansvarsomfang*, arbeida vidare med å utforma eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene blir oppfylte.
- Kommunen bør drøfta om ein skal følgja oppmodinga frå regjeringa om at skuleeigarar og skular skal setja resultatmål innanfor dei målområda som er sett opp i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem.
- Kommunen bør utarbeida ein plan for kvalitetsvurdering av skulane i Fusa. I denne planen må følgjande klargjerast:
 - Kva undersøkingar/prøver som skulane skal gjennomføra i tillegg til dei som er pålagde i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet
 - Korleis resultatata skal brukast i eit kvalitetsutviklingsperspektiv på den enkelte skule, og i kommunal samangheng
 - Kva rolle kommunenivået, medrekna PPT, skal ha i utviklingsarbeidet?
 - Kva kompetanse det er behov for både på skule- og kommunenivået
- Det bør vurderast korleis leiinga av skulane i Fusa kan styrkjast ved t.d. å avvikla ordninga med inspektør og i staden tilsetja avdelingsleiar(-ar) som har både pedagogisk ansvar og personalansvar (Jfr. ”Drammensmodellen”).
- Det bør vera eit mål for kommunen å auka timar til tilpassa opplæring slik at spesialundervisninga kan reduserast. Tidleg innsats skal vektleggjast.
- I samband med ressurstildeling til skulane bør det vera eit mål at 30 prosent av basisressursen skulen skal ha., skal tildelast til tilpassa opplæring/delingstimar (Jfr. Rundskriv F-18/03).
- IKT-planen for barnehagar, skule, kulturskule og vaksenopplæring bør evaluerast og rullerast snarast mogeleg i planperioden.

4. FOLKETALSUTVIKLING I FUSA

4.1. Folketalsutvikling

Tabell 4.1.

Folketalet var 3 791 innbyggjarar ved inngangen til 2009 og er å veksa svakt til 3 948 i 2020.

	2008	2015	2020	2025	2030
Folkemengd totalt	3 759	3 861	3 948	4 052	4 166
0-5 år	293	281	282	283	283
6-15 år	550	567	569	555	546
0-69 år	3 241	3 349	3 372	3 404	3 440
16-69 år	2 398	2 501	2 521	2 566	2 611
70-79 år	288	288	360	413	438
80-89 år	187	173	174	187	240
90 år +	43	51	42	48	48

Framskrivning basert på alternativ MMMM (middels vekst) (kjelde: SSB)

Tabell 4.2.

Ein kan visa dette også på andre måtar:

Framskreve folkemengd	2008	2015	2020	2025	2030
Folkemengd totalt	3 759	3 861	3 948	4 052	4 166
Del 0-15 år av totalen	22,4 %	22,0 %	21,1 %	20,9 %	21,1 %
Del 16-69 år av totalen	63,8 %	64,8 %	64,3 %	63,1 %	61,4 %
Del 70-79 år av totalen	7,7 %	7,5 %	9,1 %	10,2 %	10,5 %
Del 80-89 år av totalen	5,0 %	4,5 %	4,4 %	4,6 %	5,8 %
Del 90+ år av totalen	1,1 %	1,3 %	1,1 %	1,2 %	1,2 %


Basert på SSB si framskriving (MMMM), mai 2008

Tabell 4.3.

Framskreve folkemengd, prosentvis endring:

	2008	2015	2020	2025	2030
Folkemengd totalt	3 759	3 861	3 948	4 052	4 166
Endring vs. 2008	100 %	103 %	105 %	108 %	111 %
Del 0-15 år , endring	100 %	101 %	99 %	100 %	105 %
Del 16-69 år, endring	100 %	104 %	106 %	107 %	107 %
Del 70-79 år, endring	100 %	100 %	125 %	143 %	152 %
Del 80-89 år, endring	100 %	93 %	93 %	100 %	128 %
Del 90+ år, endring	100 %	119 %	98 %	112 %	112 %

Graf 4.1 Oversyn over folketalsutvikling i Fusa, vist grafisk.



4.2.1. Lovgrunnlag

Drift av barnehagar er heimla i *Lov om barnehagar (barnehagelova)* med forskrifter.

Vidare har kommunen vedteke egne vedtekter for barnehagane i Fusa.

Rammeplan for barnehagane gjev føringar for innhaldet i tilbodet borna skal få i barnehagen.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet ved kvar barnehage vedta ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Årsplanen skal òg byggja på evt. kommunale føringar.

4.2.2. Oversyn over barn i barnehagane

Fusa kommune si rettleiande norm for netto leike- og opphaldsareal : 4 m² pr. barn over 3 år og 5,33 m² pr. barn under 3 år.

Fylgjande tabell viser kva grunnlag ein har å byggja på:

Tabell 4.4.

	Holme- fjord	Jette- gryto	Holdhu- s	Søre Fusa	Strand- vik	Troll- skogen	Vinn- es	Mare- n	Totalt
1. Godkjent areal	168	233	133	120	112	190	90		992
2. Maks plassar over 3 år	42	58	33	30	28	48	23	5	267
3. Barn i b.hage 01.01.09	44	53	31	24	22	43	19	6	242
4. Totalt barn i krinsen 0-5 år (f. 2003 – 2008)	62	65	48	31	32	44	24		306
5- Dekningsgrad 01.01.09 i %	71,0	81,5	64,6	77,4	68,8	97,7,0	66,7		79,1
6. Dekningsgrad i høve maks plassar	67,7	89,2	68,7	96,8	87,5	109,1	79,2		85,6
7. Behov for plassar ved 90% dekning	56	59	44	28	29	40	22		276
8. Diff. i høve maks plassar o. 3 år og 90% dek.	-14	-1	-11	2	-1	8	1		- 9

1. Viser kva areal kvar barnehage er godkjent for.
2. Leikeareal delt på 4 m² pr barn. Viser kor mange barn det er plass til om alle går full tid og alle er over 3 år.

3. Faktiske tal barn i barnehagen pr 01.01.09. Barn under 3 år tel 2 plassar. Det kan difor vera fleire plassar enn born. Borna kan ha frå 2 – 5 dagar opphaldstid. Ein fulltidsplass kan difor romma 2 barn.
4. Alle barn registert i statistikken som var fødd frå og med 2003 til og med 2008.
5. Viser kor stor prosent av totalt tal barn (2003-2008) som går i barnehagen.
6. Viser dekningsgraden om alle plassane var fylt opp med heildagsplassar over 3 år.
7. Viser behov for plassar om 90% av alle borna går i barnehagen.
8. Viser differansen mellom tal plassar ved 90% dekningsgrad og full dekning målt mot areal.

Opphaldstida i barnehagane i Fusa er frå 2-5 dagar. Vidare krev barn over og under 3 år ulikt areal. Tabellen ovanfor gjev difor ikkje eit heilt rett bilete av behovet, men han kan gje ein peikepinn på korleis stoda er.

Frå 1. januar 2009 vart barnehageleva endra. § 11a Rett til barnehageplass slår fast følgjande:

”Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Tilføyd ved lov 8 aug 2008 nr. 73 (i kraft 1 jan 2009 iflg. res. 26 sep 2008 nr. 1048).”

Ved opptak til barnehagane frå august 2009, har alle søkjarar fått plass. Alle søkjarar har ikkje fått oppfylt fyrstevalet sitt korkje på dagar eller barnehage. Etter komunen sine barnehagevedtekter, er heile kommunen opptaksområde. Kommunen klarte difor å imøtekoma lovkravet.

Kommunen kan få problem med å imøtekoma lovkravet for opptaket til barnehageåret 2010-2011 dersom ikkje kapasiteten vert utvida. Marens´ familiebarnehage har gjeve melding om at barnehagen vert nedlagd sommaren 2010. Barnehageåret 2009-2010 har 6 barn plass i denne barnehagen.

4.2.3. Behov for nye barnehageplassar

Tabell 4.5.

Nøkkeltal frå KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering til Statistisk sentralbyrå).

Andel barn 1-5 år med barnehageplass i 2008, rekna i prosent.

Fusa:	Gjennomsnitt Kommunegruppe 2:	Gjennomsnitt Hordaland:	Gjennomsnitt Alle kommunar:
89,7	87,7	87,0	87,1

I tabell 4.4 ovanfor er behovet for barnehageplassar rekna ut frå ein dekningsgrad på 90%. Nøkkeltal frå KOSTRA viser at Fusa i 2008 hadde ein dekningsgrad på 89,7.

Tabell 4.6.SSB.

Folketalsutv., prognose	2008	2015	2020	2025	2030
0-5 år	293	281	282	283	283

Kommentarar til tabell 4.6.

Der ser ut for at folketallsprognosen for aldersgruppa 0-5 år viser for låge tal for Fusa. Etter kommunen sine reelle tal, er barnetalet i aldersgruppa 0-5 år (fødde 2003-2008) på 306 barn (tabell 2.4.), altså 13 barn meir enn talet frå SSB viser.

Me vel difor å byggja på desse tala.

Konklusjon:

- ◆ Tabell 4.4 ovanfor viser at kommunen samla får trong for min. 14 barne- hageplassar i åra som kjem, medrekna erstatning for 5 plassar i Maren´s familiebarnehage.
- ◆ Ønskjer kommunen at kvar krins skal ha plass til alle som søker frå krinsen, må det til saman byggjast ut for ca. 25 nye plassar i Nore Fusa og Holdhus

4.3. Grunnskulen

4.3.1. Lovgrunnlag

Grunnskuleopplæringa er heimla i ”Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)”, ”Forskrift til opplæringslova” og rundskriv.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet dannar fundament og rammer for opplæringa.

Det består av ein generell del, prinsipp for opplæringa, læreplanar for fag og fag- og timestfordeling for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Læreplanverket er forskrift med heimel i opplæringslova og forpliktande for grunnopplæringa.

Regjeringa foreslår at timetalet på 1.- 7. årstrinn vert auka med ein veketime. Den ekstra undervisningstimen skal nyttast til opplæring i dei faga skuleeigar meiner er mest tilrådeleg ut frå lokale behov.

Regjeringa foreslår óg innføring av åtte timar med gratis leksehjelp for 1. – 4. trinn etter skuletid.

4.3.2. Oversyn over elevtal i grunnskulen

Tala er med utgangspunkt i statistikk frå Folkeregisteret pr 1. januar 2009, justert med tal frå skulane. Det er viktig å understreka at tala er i stadig endring med inn- og utflytting.

Me har valt å bruka statistikk frå same dato for alle einingane, sjølv om tala kan ha endra seg etter dette tidspunktet.

På kvar skule er det teke med tal frå 2000 og framover. For samanlikninga sin del er det teke med tidlegare prognosar. Den viser korleis det reelle elevtalet ser ut samanlikna med prognosen på eit tidlegare tidspunkt.

Tabell 4.7

Samla elevtal for perioden 2000 til 2014:

År:	Eikeland sosen	Hold- hus	Nore Fusa	Vin- nes	Strand- vik	Fusa	Søre Fusa	Barne- skular samla	Ungdo- ms- skulen	Sum	SSB progn ose
2000	108	58	45	22	56	31	38	358	157	515	
2001	118	54	43	24	56	35	41	371	147	518	
2002	118	58	49	31	50	34	42	382	152	534	
2003	108	52	46	33	50	42	49	380	142	522	
2004	111	52	43	35	48	39	46	374	154	528	
2005	109	43	45	36	44	43	54	374	146	520	
2006	104	46	45	28	46	57	54	380	164	544	
2007	103	47	47	29	42	58	56	382	167	549	553
2008	87	53	52	28	44	60	58	382	182	564	
2009	92	55	54	26	36	64	55	382	171	553	
2010	90	58	60	29	40	63	59	399	156	555	562
2011	86	58	68	28	39	64	59	401	145	546	
2012	87	59	71	28	39	61	55	399	166	565	
2013	78	61	70	26	42	53	45	374	184	558	
2014	75	57	72	27	39	48	40	357	187	544	

Prognosane frå SSB er høgare enn faktisk fødde born. Med forventning om netto tilflytting, vil truleg elevtalet halda seg om lag på noverande nivå. Det er ulik utvikling i dei ulike krinsane. Dette vert kommentert under kvar enkelt krins (oppvekstsenter).

4.3.3. Behov for nye elevplassar

Ut frå tabell 4.7 får Eikelandssosen skule ein nedgang i elevtalet fram mot 2014. Holdhus får ein liten auke, medan Nore Fusa får ein markant auke i elevtalet frå 54 i 2009 til 72 i 2014. I Vinneskrinsen er det lita endring. Både Strandvik og Fusa oppvekstsenter får reduksjon i elevtalet. Samla sett er det relativt små variasjonar fram mot 2014. I kapittel 8 kjem me tilbake til status for kvar eining og behov for rehabilitering, utbygging eller nybygg.

4.4. SFO

4.4.1. Lovgrunnlaget.

Opplæringslova § 13.-7 omhandlar skulefritidsordninga (SFO). Der vert det slått fast at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1. – 7. årstrinn.

SFO er eit frivillig tilbod til elevane.

Kommunen har utarbeidd eigne vedtekter for SFO, vedtekne i kommunestyret 30.05.2007.

4.4.2. Elevar i SFO

Tabell 4.8 Elevar i SFO (GSI)

År:	Eikelandssosen	Holdhus	Nore Fusa	Vinnes	Strandvik	Fusa	Søre Fusa	Sum:
2005	27	11	0	9	1	28	8	84
2006	30	8	10	6	5	29	10	98
2007	28	9	17	7	4	30	18	113
2008	27	13	23	10	4	31	14	122
2009	32	13	16	10	8	24	14	115

Tabell 4.9 Elevar på 1. – 4. årstrin

År:	Eikelandssosen	Holdhus	Nore Fusa	Vinnes	Strandvik	Fusa	Søre Fusa	Sum:
2005	48	20	25	21	19	31	30	194
2006	56	22	24	15	19	39	31	206
2007	56	29	30	18	19	37	36	225
2008	51	34	37	16	22	40	39	239
2009	54	38	42	13	20	37	35	239
2010	48	39	41	14	26	34	33	235
2011	45	35	41	15	22	30	29	217
2012	46	32	40	17	20	31	25	211
2013	41	31	39	18	27	29	21	206
2014	41	28	41	16	20	26	17	189

Tabell 4.10. Elevar i SFO i prosent av elevtal 1. – 4. årstrinn.

År:	Eikelandssosen	Holdhus	Nore Fusa	Vinnes	Strandvik	Fusa	Søre Fusa	Alle skular
2005	56	55	0	43	5	90	27	43
2006	54	36	42	40	26	74	32	48
2007	50	31	57	39	21	81	50	50
2008	53	38	62	63	18	78	36	51
2009	59	34	38	77	40	65	40	48

Tal frå KOSTRA viser at andelen barn som gjekk i SFO i Norge i 2008, var på om lag 60 %.

4.4.3. Behov for nye plassar i SFO.

Tabell 2.10 viser at det truleg ikkje vert behov for nye plassar i SFO så langt me kan sjå i dag. Korleis 8 timar leksehjelp vil påverka SFO-ordninga, er pr. dato uklårt.

Bli den ekstra timetalsauken på ein time lagt til 1. – 4. trinn, vil det redusera behovet for SFO-opphald.

4.4.4. Innhald i SFO.

Einingsleiar har hovudansvaret for SFO ved skulane. I tillegg er det til vanleg ein annan person som har det daglege ansvaret for gjennomføringa av skulefritidsordninga, SFO-leiar. Fusa har ikkje ein felles plan for korleis SFO skal drivast, og korleis ordninga skal vidareutviklast

Konklusjon

Det bør vurderast om det skal utarbeidast ein overordna plan for utviklinga av SFO i Fusa.

4.5. Kulturskulen

4.5.1. Lovgrunnlag.

Opplæringslova § 13-6 omhandlar musikk og kulturskuletilbod. Alle kommunar skal åleine eller saman med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert og i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

4.5.2. Elevtalet i kulturskulen

Tabellen nedanfor viser kor mange grunnskuleelevar som har fått plass i kulturskulen i Fusa frå 2003 – 2009 . Tala er henta frå GSI-rapporteringa for kvart år.

Tabell 4.11

År:	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Elevar med plass:	107	127	138	122	103	103	142
Elevar på venteliste:	-	-	-	26	27	35	42
Elevar i gr.sk. med plass:	92	107	112	102	103	100	137
Elevar i grunnskulen:	522	528	520	544	549	564	555
% av elevar i grunnskulen med plass i kulturskulen:	17,6	20,3	21,5	18,7	18,8	17,7	24,7

Det har lenge vore eit nasjonalt mål at minst 30% av elevtalet i grunnskulen skal vera deltakarar i kulturskulen. For Fusa kommune vil det utgjera om lag 167 elevar.

Skilnaden mellom elevar med plass og elevar i grunnskulen med plass skyldast at kulturskulen også tek inn elevar som er ferdige med grunnskulen.

4.5.3. Behov for nye plassar i kulturskulen

Det er trong for om lag 40 nye plassar i kulturskulen i Fusa for at alle elevane som ønskjer det, skal få plass.

Konklusjon

Det bør utarbeidast eigen plan for kulturskulen i Fusa.

4.6. Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa i Fusa omfattar i dag vaksenopplæring for psykisk utviklingshemma (PU) og norskopplæring for vaksne framandspråklege.

4.6.1. Lovheimel

- Rett til grunnskuleopplæring for vaksne. Oppl. § 4A-1 (Enkeltvedtak).
- Rett til spesialundervisning på grunnskulens område. Oppl. § 4A-2. (Enkeltvedtak).
- Rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Oppl. § 4A-3. Ingen pr. dato.
- Opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Introduksjonslova kap. 4. (Enkeltvedtak. Registrerte i Norsk introduksjonsregister, NIR).)

Elevar med rett og plikt, eller rett til opplæring kjem inn under Introduksjonslova.

Elevar i denne gruppa har rett på 250 t. Norskopplæring + 50 t. Samfunnsfag.

Regjeringa gjer framlegg om å auka denne ramma til 600 timar frå 2010.

Elevar med plikt, eller utan rett eller plikt er **betalingselevar**.

Dette er personar som tek arbeid i Noreg (Arbeidsinnvandring) (plikt), eller har opphald etter EFTA/EØS regelverket. Det same gjeld personar med mellombels opphald (utan rett eller plikt).

4.6.2. Elevar i vaksenopplæringa

I denne statistikken tek me berre med vaksne innvandrarak som har fått vedtak om norsk med samfunnskunnskap etter overgangsordninga eller introduksjonsordninga. Kommunen har óg elevar som får opplæring etter opplæringslova § 4A-2, rett til spesialundervisning på grunnskulens område.

Tabell 4.12. Norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. GSI-tal.

År	Elevtal
2005	15
2006	16
2007	16
2008	5
2009	32

4.6.3. Administrasjon

Vaksenopplæringa er administrativt lagt til Fusa ungdomsskule.

4.6.4. Økonomi

Etter introduksjonslova skal vaksne innvandrarak med rett til 300 timar opplæring i norsk med samfunnskunnskap, få denne opplæringa gratis.

Dersom elevane har behov for det, skal kommunen i tillegg gje tilbod om norskopplæring i inntil 2700 timar.

Kommunen si plikt til å gje opplæring gjeld i fem år frå det tidspunkt eleven fekk rett eller plikt til å delta i opplæring i norsk med samfunnskunnskap.

4.6.5. Statstilskot

Kommunen får statstilskot til norskopplæring med samfunnsfag.

Tabell 4.13. Oversyn over utgifter og sttstilskot til vaksenopplæringa 2004 – 2008, rekneskapstal.

År	Brutto utgifter	Statstilskot og refusjonar	Netto utgifter
2004	666 705	400 320	266 385
2005	809 700	507 087	302 613
2006	1 102 049	627 377	474 672
2007	1 290 534	589 898	700 636
2008	935 061	287 825	647 236

Kommunen kan sjølv organisera vaksenopplæringa, ein kan leiga tenesta frå ein annan kommune, eller ha interkommunalt samarbeid.

Interkommunalt samarbeid har vore drøfta i Midthordland kompetanseregion (kommunane Fusa, Tysnes, Austevoll, Os, Samnanger og Vaksdal).

Vurderingar som er gjort, konkluderer med at det vert billegast for Fusa å gjennomføra vaksenopplæringa i eigen regi.

Konklusjon

Det bør utarbeidast ein eigen utviklingsplan for vaksenopplæringa der ein m.a. skal vurdera omfanget av opplæringa for framandspråklege vaksne og for psykisk utviklingshemma. Og der det skal utarbeidast rutinar for gjennomføringa av vaksenopplæringa.

5. OPPVEKSTMILJØET I FUSA KOMMUNE

For å kartlegga korleis stoda er i ein litt overordna samanheng har det vorte sendt ut eit spørjeskjema til alle barnehagane, skulane og oppvekstsentra. Gjennom svara har det òg vore råd til å kvalitetssikra mykje av dei data som elles finst i denne planen (folketal, elevtal, tankar om utviklinga, etc).

Nedanfor følgjer ei kortfatta oppsummering av svara som kom inn.

5.1. Skildring av skule/barnehage/oppvekstkrinsen slik dei ser det sjølv

5.1.1. Folketalssamansetjinga

Svara frå oppvekst- og skulekrinsane tyder på at der er stor optimisme i alle område med omsyn til utviklinga i busetnaden. Dei fleste viser til at det dei siste åra er blitt bygd mange nye husvære og at mange unge slår seg ned i krinsen. Dette skulle tyde på at delen unge i områda aukar.

Likevel ser det ut til at det berre er krinsane Nore Fusa og Holdhus som har klar auke i elevtala i åra 2009 – 2014. I Nore Fusa veks elevtalet med om lag 20 i skuleåra 2007/08 – 2010/11.

5.1.2. Bu-område og vegar

I nokre område – til dømes i Strandvik – har vegstandarden vorte betre dei siste åra. Men i fleira krinsar peikar ein på at deler av vegen til skule og barnehage ikkje er trygg nok. Nokre av områda som det blir peikt på er Opsalmarka, strekket Gjerdevik – Øpstad og strekket Rød – Holdhus. Jettegryto barnehage ligg innklemmt mellom to smale vegar med aukande trafikk og dårleg merking av fotgjengarfelt.

Nore Fusa oppvekstsenter legg vekt på kva realiseringa av ”Hordfast” kan få av konsekvensar for området. Det er allereie planlagt og regulert nye bustadfelt som kan verta svært attraktive ved ei slik vegutløysing. Ingen av dei andre krinsane gjer slike vurderingar.

5.1.3. Infrastruktur forøvrig (vegar post bank etc)

I Strandvik viser dei til eit levande senter med butikk, grendahus, bedehus, kyrkje, restaurant, idrettsanlegg, mm, og dei ventar ei vidare positiv utvikling for området. Dei andre krinsane ventar ikkje vesentlege endringar. Det er forholdsvis kort kjøretid til Eikelandsosen med kommunesenter, bank og butikksenter. Dårleg busstilbod er ei hindring som gjer det vanskeleg å nå fram, om ein ikkje køyrer bil sjølv.

5.1.4. Fritidsaktivitetar lag og organisasjonar som held til i krinsen

Det vert meldt om rikt og variert lags – og organisasjonsliv i krinsane. Til saman dekkjer dei eit stort kulturelt interessefelt. Her vert det nemnt idrettslag av ymse slag, men her finst også lag som driv med revy, musikk, mat, hest, dans, gospel, mm.

Men dei unge peikar sjølve på at det for svært mange er liten hjelp i dei omfattande tilboda spreidd over heile kommunen. Det svært dårlege busstilbodet gjer det uråd å nå mange interessante aktivitetar som ikkje er lokalisert nær der dei bur.

5.1.5. SFO (mål. organisering, omfang, deltaking)

SFO er eit omsorgs- og fritidstilbod. Det er frivillig å nytta det. Ved dei fleste skulane ser det ut til at tiltaket vert godt nytta av ein stor del av dei det er aktuelt for (1. - 4. klasse). Skulane beskriv SFO som eit viktig pedagogisk tilbod, noko som gjer SFO til eit viktig element i bornas oppvekst.

5.1.6. Praktisk, sosialt og kulturelt arbeid ved eininga

Barnehagane og skulane er vante til å ”baka” dette arbeidet inn i årsplanane. Slik arbeidet vert framstilt, tyder det på mange og allsidige aktivitetar. Svært mange av aktivitetane har eit klårt eksternt fokus og handlar om alt frå å samla inn pengar til naudlidande til å underhalde i bygda.

5.2. Samarbeidspartane

5.2.1. Bruken av skule-, barnehage-, oppvekstanlegga utanom vanleg opningstid

Barnehagane er lite nytta utover vanleg opningstid. Der barnehagane leiar arealet sitt av andre, t d grendahus, må dei gjerne rydda vekk materiell og utstyr når andre leigetakarar skal nytta anlegget.

Dei fleste skulane sine anlegg – både inne og ute – vert i stor grad nytta av lag og organisasjonar.

Enkelte skular/oppvekstsenter har svært stor pågang og vert brukt dei fleste kveldane i uka i tillegg til svært mange helgar.

5.2.2. *Samarbeid med brukarar av anlegga utanom vanleg opningstid – omfang*
Det ser ut til at samarbeidet om anlegga utover opningstidene i stor grad handlar om å organisera sjølve utlånet: setja opp aktuelle leigedagar og finna praktiske løysingar med nøklar. Leigetakarane ordnar sjølv opp med aktivitetar og aktuelt utstyr.

5.2.3. *Korleis bør samarbeidet vera i framtida?*
Alle gjer uttrykk for at dei ønskjer å fortsette med den ordninga dei har no. Frå eitt hald vert det peikt på store kostnader til reinhald, og at det hadde vore naturleg at leigetakarane samarbeidde om å dela på desse kostnadene. Leigeprisar må kunne diskuterast.

5.2.4. *Samarbeidet med Kulturskulen – omfang, korleis, om kva*
Frå dei fleste hald vert samarbeidet med kulturskulen framheva som positivt. Eikelandsosen skule ville ønskt seg eit tettare samarbeid i kvardagen, men der må det meste av kulturskulen si undervisning gjennomførast i Samfunnshuset.

Strandvik liker ikkje at opplæringa ikkje vert gitt på skulen i Strandvik, men at elevane må køyrast til andre bygder på øving.

Nokre einingar nemner samarbeid om innkjøp av felles utstyr. Berre ungdomsskulen nemner samarbeid om personale.

5.2.5. *Korleis bør samarbeidet med Kulturskulen vera i framtida?*
Ungdomsskulen er oppteken av å kunne samarbeida om personalet, mellom anna for å få nytta kompetansen best mogeleg, men også for å kunne gje tilsette betre stillingar.

Dei fleste andre einingane ønskjer fleire elevkonsertar og samarbeid om elevarrangementar.

5.2.6. *Samarbeidet med PPT – omfang, korleis, om kva*
Dei fleste einingane teiknar eit bilete av samarbeidet med PPT som er prega av enkeltsaker. Skulane og barnehagane meldar inn og etterspør tenester frå PPT. Det er nokre systematiske tiltak knytt til 5-åringane og 1. – 3. klassingane. Her har PPT lagt opp til og leiar tiltak gjennom etablert nettverksgrupper.

5.2.7. *Korleis bør samarbeidet med PPT vera i framtida?*
Dei fleste ønskjer eit samarbeid minst på det nivået som har vore til no. Mange kan tenkja seg eit meir systematisk samarbeid der ein mellom anna la opp til ein del faste samarbeidsmøtar gjennom året. På møte bør der vera rom for å diskutera enkeltsaker anonymt, men også å ta opp ulike tema f eks knytt til utviklinga av einingane.

5.2.8. *Samarbeidet med rådsorgana – omfang, korleis, om kva*
Det ser ut til at dei fleste einingane i stor grad følgjer den same modellen. FAU har 3 – 6 møte i året, mens SU har ca 2. Ved Holdhus oppvekstsenter legg dei meir vekt på SU som det øvste formelle organet.

Rådsorgana handsamar stort sett same type saker: rekneskap, budsjett, årsplan, samarbeid om aktivitetar osv.

Fusa ungdomsskule har delegert mange vedtak til plangruppa. I denne gruppa sit der elevar, foreldre, ringleiarar, adm. Ordninga krev tett og godt arbeid i dei ulike organa som t d FAU, elevråd, klubb (personalet)

5.2.9. *Korleis bør samarbeidet med rådsorgana vera?*
Nokre einingar tykkjar at ordninga er grei slik den er i dag. Andre meiner at det hadde vore fint med meir kontakt mellom dei ulike organa. Dette kunne kanskje bringa inn noko meir heilskapstenking i saker som gjeld oppvekstmiljøet.

5.2.10. Samarbeidet med andre offentlege instansar –omfang

Fleire framhevar biblioteket og bokbussen som gode tenesteytarar.

Kulturkontoret med ”Kulturnisto” og ”Den kulturelle skulesekken” gjev også gode aktivitetar og opplevingar.

Kyrkja synest også å vera ein viktig samarbeidspart sjølv om det for nokre einingar vert svært dyrt med bussing til kyrkja ved høgtidene.

Andre samarbeidspartar som vert nemnt er rehabilitering, BVP, BUP, helsesøster og NAV.

NAV nyttast ved oppfølging av sjukemelde

Fusa ungdomsskule er dei som synest å ha det mest omfattande ”nettverket” å samarbeida med.

5.2.11. Korleis bør samarbeidet med andre offentlege instansar vera?

Dei fleste ønskjer at samarbeidet skal halda fram som no, men fleire ber om eit nærare og meir systematisk samarbeid med helsesøster.

5.2.12. Samarbeidet med lag og organisasjonar –omfang

Her nemnast samarbeid med hagelag, musikklag, søndagsskule, husmorlag, saniteten, idrettslag, husflidslag, frivillighetssentral, sparebanken, Lions og samfunnshuset.

I all hovudsak ser det ut til at samarbeidet dreier seg om at det vert levert gode og interessante tenester til skular og barnehagar.

5.2.13. Korleis bør samarbeidet med lag og organisasjonar vera?

Frivillighetssentralen vert av fleire peikt på som ein ressurs som kunne vore betre nytta. Fleire meiner at samarbeidet fungerer greitt slik det er no.

Ungdomsskulen seier det slik: ”Samarbeidet bør skapa muligheter ein elles ikkje har”

5.2.14. Samarbeidet med heimane – korleis, om kva, omfang

I barnehagane er det dagleg kontakt ved bringing og henting. Det same gjeldt i noko grad SFO. Dette sikrar at einingane lett kan få naudsynt kontakt med dei pårørande og omvendt. I tillegg har dei informasjonsmøtar, foreldresamtalar, informasjonsskriv og heimeside under Fusa kommune.

I oppvekstsentra vert det også halde felles foreldremøte for skule og barnehage om hausten.

Samarbeidet i skulane er ganske sterkt regulert gjennom lov, rammeplan og Kunnskapsløftet.

Typiske samarbeidsaktivitetar som vert nemnt, er foreldrerådsmøte, klasseforeldremøte, info-hefte, info-skriv, heimesider.

Einskilde skular har også sosiale samkomer for foreldre, elevar og lærarar.

Av svara kan ein indirekte lesa at samarbeidet vert tilrettelagt for å sikra best mogeleg oppvekst for borna og at informasjon til heimane er eit særst viktig tiltak i denne samanhengen.

5.2.15. Korleis bør samarbeidet med heimane vera?

Eingane opplever eit godt samarbeid med heimane. Dei ønskjer å fortsetja som no, men ser at dei har eit potensiale når det gjeldt heimesidene. Av mange vert dei ikkje godt nok nytta. Her burde ein ha vore meir offensive og følgja tettare opp.

Nokre meiner og at meir systematikk kring info til heimen kunne vera av det gode.

5.2.16. Korleis plandokumenta vert brukte og fungerer i det daglege arbeidet

Det ser ut til at einingane legg vinn på involvering som metode når planane skal utviklast. Plandokumenta vert tydeleg nytta i det daglege arbeidet ved mange einingar. Det vert t d vist til at når mål i ein årsplan er vorten rutine, vert det flytta over som tiltak i eininga sitt pedagogiske årshjul.

Ved ei anna eining er også hovudfokus å arbeida for å nå måla – og ikkje planane som sådanne. På personalmøte kvar veke heldt ein fokus på å nå måla for utviklings-arbeidet og måla i planane.

5.2.17. Prosessane og metodane som vert brukt i arbeidet med mål og strategiar

I barnehagane, oppvekstsentra og barneskulane ser det ut til at det vert ført ganske opne prosessar fram til planane er utarbeidde og vedtekne.

I ungdomsskulen utarbeidar administrasjonen utkast basert på innspel frå stat, kommune og frå eigen side. Utkasta til planar vert lagt fram til drøfting i dei ulike rådsorgana ved skulen. Plangruppa gjer endeleg vedtak. Det er óg plangruppa som evaluerar både prosess og plan.

5.2.18. Personalutvikling – mål, ressursar og gjennomføring

Alle er medvitne om kommunen sine rutinar m.o.t. tilsetjingar, medarbeidersamtalar, HMT-arbeid og oppfølging av IA-avtalen.

Tilgjengelege ressursar til personalutvikling vert i stort mon utnytta kollektivt ved felles planleggingsdagar og anna.

Alle meiner det er for lite ressursar til å utvikla den enkelte. Det vert også etterlyst stimuleringsressursar for å få ikkje faglærte i barnehagane til å ta fagbrev eller annan relevant utdanning. Kompetanseanalysen, gjennomført på vårparten, vert også framheva som eit viktig tiltak.

5.3. Uteareala

Dei fleste barnehagane og skulane meiner at dei har gode uteareal. Ein del leikeutstyr er slitt og bør skiftast ut.

Nore Fusa oppvekstsenter har uteareal som ligg tett til usikra fylkesveg. Her trengst det sikring.

Søre Fusa oppvekstsenter har trong for eit større leikeområde(naturområde) særleg for dei minste borna. Området på nordsida av leikeplassen vil høva godt som nytt leikeområde for oppvekstsenteret. Det må avtalast bruk / kjøp med grunneigar. Området må opparbeidast og sikrast.

Leikeområdet aust for oppvekstsenteret er svært bratt. Her må det opparbeidast terrassar. Området må ha vegg mot parkeringsplassen.

I tillegg må det opparbeidast veg frå rømmingsveg frå gymsal til kommunal veg.

Det vart i 2009 avsett midlar til planlegging og bygging av snuplass / oppstillingsplass for bussar nedanfor og ved oppvekstsenteret. Tiltaket må gjennomførast med gangveg til fylkesvegen.

Det har ikkje lukkast å få avtale om fast leirplass for oppvekstsenteret.


Fusa ungdomsskule ønskjer ballbinge og volleyballbane.

6. RESSURSSITUASJONEN

6.1. Barnehage

Finansieringa av barnehagedrifta er delt mellom statstilskot pr barn, foreldrebetaling og frie midlar frå Fusa kommune. Kunnskapsdepartementet har varsla at finansieringa av barnehagane skal inn i rammetilskotet til kommunane frå 2011.

Diagram 6.1 Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage.



Diagramet viser at Fusa har retlativt rimelege barnehagar samanlikna både med kommunegruppe 02, gjennomsnitt for Hordaland og gjennomsnitt for landet.


Kommunegruppe 02 er den som er mest lik Fusa.

6.2. Skule

KOSTRA gjev gode tal på korleis Fusa kommune ligg an samanlikna med andre kommunar.

Diagram 6.2.

Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring, per innbyggjar 6 – 15



Netto driftsutgifter for kvar elev i grunnskulen i Fusa i 2008 kr 82 909,-. For kommunegruppe 2 var talet kr 89 389,- , medan gjennomsnittet for landet var kr 80 289,-.

Diagram 6.3




Diagram 6.3 viser korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule per elev.

Fusa kommune brukar i 2008 kr 91 468 per elev. Det ligg kr 767,- per elev over kommunegruppa 02. Men når vi samanliknar utgiftene med gjennomsnittet for Hordaland, ser vi at Fusa har ein meirkostnad på 12 130 kr pr elev.

Diagram 6.4




Diagramm 6.4 viser at Fusa har svært små skular samanlikna med kommunegruppe 02 og gjennomsnittet for Hordaland og landet.

Det er nok framleis slik at skulestrukturen vi har i Fusa er dyr å driva. Ser ein statistisk på det, har Fusa to skular meir å driva enn kommunegruppa 02. Denne ”innsparinga” kan kommunegruppa bruka direkte mot elevane.

Fusa nesten tredobla sitt forbruk til spesialundervisning frå 2004 – 2009. Dette i ein periode der tilpassa opplæring har blitt vektlagt lokalt og endring i opplæringslova har som intensjon at spesialundervisninga skal minka. Spesialundervisning skal vera ei sikring for dei som ikkje klarer fylgja den ordinære undervisninga. Samstundes veit me at med ”frie” midlar som ein kan setja inn til dei elevane som treng noko ekstra, vil elevane få like god hjelp, – men utan så mykje ekstraarbeid og papirarbeid som eit enkeltvedtak fører med seg. Alle elevane skal få god hjelp i skulen i Fusa. Ein del av denne hjelpa må dreiest over frå spesialundervisning til tilpassa undervisning.

Diagrammet nedanfor viser GSI-tal, samla årstimar til undervisning i skulane i Fusa. GSI står for GrunnSkulen sitt Informasjonssystem. Ut frå tala som vert innrapporterte gjennom GSI til SSB (Statistisk SentralByrå), vert det laga statistikkar.


Basistimar er minimum tal timar som ein klasse treng – ein lærar i alle timane i ein klasse.
Delingstimar er timar for å dela ein klasse t.d. i norsk der 1. og 2. årstrinn går i lag for å

gje betre tilpassa opplæring.

Omgrepet tilpassa opplæring inneber at undervisninga skal tilpassast den enkelte elev best mogeleg.

Spesialundervisning er timar som vert gitt etter enkeltvedtak. Timane er knytt til ein enkelt elev, men kan også gjevast i gruppe.

Diagram 6.5 Oversyn over forholdet mellom basistimar, delingstimar og timar til spesialund.



Trenden er at når timane til deling går ned, så vert det auke i behov og søknadar om enkeltvedtak. Basistimane er absolutt minimum, spesialundervisninga er ein individuell rett. Ved krav om nedskjering er det berre delingstimane som kan rørast.

Fylgjande tabell viser GSI-tall frå 2004 til 2009. Tal for Vinnes friskule er ikkje med i grunnlaget. Den viser hovudtendensen som er skildra ovanfor. Noko auke i basistimar på grunn av auke i klassar, auke i spesialundervisning og nedgang i delingstimar.

Tabell 6.1

RESSURSTILDELING SKULAR 2004-2009. GSI-RAPPORTERING


	Klassar.	Elevar	Basis-timar. 60 min.	Deling/ tilpassa oppl.	Ordinære und.timar	Spes. Underv	Norsk 2.spr	Mors-mål.	Sum Underv.	Andre års-timar.	Totalt års-timetal.
2004	27	483	19720	5829	25350	1709	143	86	27288	2478	29766
2005	28	489	20807	4949	25756	3150	171	86	29163	2350	31513
2006	30	512	22431	2957	25388	4021	266	143	29818	2916	32734
2007	30	519	22317	3439	25756	5511	266	143	31676	3013	34689
2008	31	538	23804	2728	26532	6057	314	181	33084	2845	35929
2009	29	530	22827	3640	26467	6695	323	85	33570	3931	37501

Oversyn over utviklinga av timar til tilpassa opplæring (delingst.) og spesialundervisning i Fusa frå 2004 – 2009:

Tabell 6.2

År:	Klassar	Elevar	Basis-timar.	Tilp.oppl.	Tilpassa oppl i % av basistimar	Ord. Und.timar	Spes.und.	Spes.und. i % av basistimar
2004	27	483	19720	5829	30	25350	1709	9
2005	28	489	20807	4949	24	25756	3150	15
2006	30	512	22431	2957	13	25388	4021	18
2007	30	519	22317	3439	15	25756	5511	25
2008	31	538	23804	2728	11	26532	6057	25
2009	29	530	22827	3640	16	26467	6695	29

Diagram 6.6 Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning.



6.3. Ressurstildeling

Ein god del av ressursane til skule er i utgangspunktet fastlåst. Det er timar til deling og tilpassing som har vore bufferen, både for å ta generelle nedskjeringar og for å ta opp i seg auke i enkeltvedtak. Ideelt sett burde ein hatt eit system som sikra eit minimum av ressursar til skulane og som kunne ta opp i seg uforutsette utfordringar knytt til enkeltelevar, eller knytt til nye klassar.

For budsjettåret 2009 vart det utarbeidd ein eigen ressurstilingsmodell for skulane i Fusa. Modellen er under kontinuerleg evaluering med tanke på forbetring.

Modellen skal sikra ei mest mogeleg rettferdig fordeling av ressursane

I St.meld. nr. 16 (2006–2007) ...og ingen stod igjen *Tidlig innsats for livslang læring* skriv regjeringa at ho ønskjer å forbetra utdanningssystemet sin evne til å møte den enkelte sitt behov gjennom å tilretteleggja opplæringa på ein god måte. Tidleg innsats er nøkkel i dette arbeidet. Tidleg innsats må ein forstå både som innsats på eit tidleg tidspunkt i barna sitt liv, og tidleg inngripen når problem oppstår eller vert avdekka i førskulealder, i løpet av grunntileringa eller i vaksen alder.

I opplæringslova står følgjande i

§ 1-3. *Tilpassa opplæring og tidleg innsats*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærerkandidaten.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Modellen nedanfor syner at det ved ressursfordelinga i Fusa vert teke omsyn til føringane i lova.


Tabell 6.3

Modell for ressurstildeling.

	Grunnressurs
A	Elevtal (gj.snitt av vår/haust 2010)
B	Elevtal 1.- 4.trinn (Gjeld tidleg innsats)
C	Tilrådde omrekna lærartimar til spesialundervisning
1	Basisressurs: 34,5 t/v til kvar skule
2a	Spes.und.: Tilrådde omrekna lærartimar 1:1 elevar
2b	Spes.und.: 25% av andre tilrådde omr. Lærartimar
3	Bokmålsgrupper: 75% av m.t.t. for bokmålsgrupper
4	Særskilt språkopplæring
5	Tidleg innsats: 0,25 t. Pr. elev på 1.- 4. trinn
6	Tillegg ungd.sk.: Rådgj./Sos.lær. 25%+50% av 17,25 t/v
7	Administrasjonsressurs
8	Skjønnsressursar (Spesielle utfordringar)
	Sum grunnressurs
	Tillegg i h.h.t. elevtal
8	Rest-ressurs: Fordeling i h.h.t. elevtal

Diagram 6.7

Ressursutvikling



Diagrammet over er ei samanstilling av ressursbruk pr elev, og den syner at Fusa no har den lågaste auken i høve relevante samanlikningar. Ressursbruken er no klart lågare enn snittet for kommunegruppe 02 og nærmar seg dei andre gruppene.

6.4. Oppsummering

Det er ikkje noko mål i seg sjølv å vera statistisk gjennomsnittleg. Men Fusa har no blitt ein kommune under gjennomsnittet for gruppe 02. Dette vert oppfatta som at ein har hatt ein reell nedgang i dei ressursane ein kan setja direkte mot elevane. Grunnen til dette er samansett:

- Fusa har hatt ei svakare utvikling enn kommunegruppa frå 2004. Det viser at vi har hatt ein relativ reduksjon av driftsbudsjettet til skule dei siste åra. Avviket frå det statistiske gjennomsnitt for kommunegruppe 02, er difor ein reell nedgang i ressursane.
- Små og fleire skular, gjer at Fusa brukarar meir pengar på administrasjon og drift av skular enn kommunegruppe 02.
- Enkeltvedtak har auka vesentleg. For skulane vert dette opplevd som ei strammare ramme fordi det er klare avgrensingar i korleis desse ressursane kan nyttast.

Konklusjon

GSI-statistikken viser at det har vore ein nedgang i den prosentvise timetildelinga til skulane til tilpassa opplæring/deling frå 2004 til 2009 frå 30 % til 16 % i 2009. I same tidsrommet har den prosentvise delen av basistimar brukt til spesial-undervisning auka frå 9 % i 2004 til 29 % i 2009.

Det bør vera eit mål for kommunen å auka ressursen til tilpassa opplæring samstundes som ressursane til spesialundervisning vert reduserte. Det bør utarbeidast ein eigen strategi for korleis ein skal nå dette målet.

7. KOMPETANSEUTVIKL

7.1. Barnehage

Kunnskapsdepartementet utarbeidde i 2007 dokumentet ”KOMPETANSE I BARNEHAGEN - Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007 – 2010.”

I innleiinga skriv departementet : ” Barnehageloven, som ble iverksatt 1. aug. 2006, skal sikre at alle barn får et likeverdig barnehagetilbud av høy kvalitet. Personalets kompetanse er den viktigste faktoren for å kunne gi et barnehagetilbud med høy kvalitet.

Det er primært barnehageeiers ansvar å sørge for nødvendig opplæring på arbeidsplassen og kontinuerlig kompetanseutvikling for de ansatte i barnehagen. I tråd med ikkje linga om høy kvalitet i barnehagen, har ikkje ling startet arbeidet med et kompetanseløft i barnehagesektoren for å støtte og styrke ikkje lingane klinga lokalt i en periode med vesentlige ikkje lin på barnehageområdet. Barnehageloven og Rammeplanen er rammeverket for denne kompetansestrategien.”

7.1.1. Overordna mål

Kunnskapsdepartementet ønskjer gjennom denne strategien å vidareutvikla barnehagen som lærande organisasjon med eit aktivt forhold til kompetanseutvikling. Kompetansen til dei tilsette er heilt sentral for å styrkja barnehagen som pedagogisk institusjon og dei tilsette sin yrkesstatus. Strategien skal óg stimulera til kompetanseutvikling for kommunen som barnehagemyndighet, barnehageeigar og høgare utdanningsinstitusjonar og forskningsmiljø.

Målgruppa for strategien er tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

”Målet med strategien er:

at de ansattes kompetanse styrkes innenfor strategiens prioriterte satsingsområder og det mandatet loven og rammeplanen gir

å styrke barnehageeiers og kommunen som barnehagemyndighet sin rolle i kompetanseutvikling

at det utvikles praksisrettet og forskningsbasert kunnskap om barnehagen i et ssamarbeid mellom barnehager og relevante forskningsmiljø.”

Fusa kommune har ingen med barnehagefagleg bakgrunn tilsett på kommunenivået som kan følgja opp med rettleiing til barnehagane, eller planleggja kompetansehevingstiltak for barnehagepersonalet på dei kommunale planleggingsdagane.

Kommunen har likevel kvart år utarbeidd kompetanseutviklingsplan for barnehagane i samarbeid med Midthordland kompetanseregion. Desse planane har teke opp i seg føringane frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg byggjer planane på kartlegging av kompetansebehov i alle barnehagane i regionen. Planen er eit vilkår for at kommunen skal få tildelt statstilskot. Statstilskotet har dei siste åra vore mellom 30 000 – 35 000 kr.

7.1.2. Etterutdanning

Det meste av den etterutdanninga som barnehagepersonalet får, er i regi av Midthordland kompetanseregion på ein felles planleggingsdag for alle kommunane i regionen.

I tillegg deltek styrar og fagleiarar på ei todagar leiarsamling for barnehage- og skuleleiarar i regi av regionen.

Ut over dette er det opp til den enkelte barnehage å delta på andre relevante kurs så langt økonomien tillet det.

Av statstilskotet kommunen får, skal minst 30 % brukast til lokalt utviklingsarbeid i den enkelte barnehage. Både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar kan søkja om midlar frå denne summen.

7.1.3. Vidareutdanning

Frå Kunnskapsdepartementet er det ikkje lagt opp til spesiell støtte til vidareutdanning for førskulelærarar som er i arbeid.

Midthordland kompetanseregion har i samarbeid med Høgskulen Stord Haugesund (HSH) fått til ei desentralisert utdanning i spesialpedagogikk på Os frå hasuten 2009. HSH har ansvar for det faglege opplegget. Kurset hadde ikkje plass til alle som melde seg på. Målet er difor å få til liknande kurs i framtida.

Konklusjon

- Kommunen bør framleis kvart år utarbeida kompetanseutviklingsplan for barnehagane.
- Kommunen bør vurdere å utarbeida ein langsiktig kompetanseutviklingsplan for barnehagane. Planen skal m.a. innehalda følgjande:
 - Tiltak for å behalda kvalifisert personell i barnehagane våre
 - Tiltak for å rekruttera førskulelærarar til kommunen

7.2. Skule

St.meld. nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skulen* slår fast at lærarane sin kompetanse er den aller viktigaste enkeltfaktor for elevane si læring når ein ser bort frå bakgrunnen til elevane. Lærarane må ha både fagleg og pedagogisk kompetanse.

7.2.1. Etterutdanning

For åra 2005 – 2008 galdt Kunnskapsdepartementet sin fireårige strategi ” *Kompetanse for utvikling*”. Kvart av desse åra fekk kommunen mellom 2500 000 og 270 000 kr i statstilskot til både etterutdanning og vidareutdanning.

Med utgangspunkt i denne strategien utarbeidde Midthordland kompetanseregion ein kompetanseutviklingsplan for kvart av åra frå 2005 – 2008. Med utgangspunkt i denne planen laga kvar kommune i regionen sine egne utviklingsplanar der regionen sin plan inngjekk.

Kompetanseutviklingsplanen for kvart år blir vedteken politisk.

Regionen stod for dei fleste etterutdanningstiltaka, men det vart og gjennomført kompetanseheving i kommunen sin regi. I tillegg er det i gang kompetanseutviklingstiltak på alle skulane som oppfølging av den eksterne vurderinga. To skular har i gang utviklings-prosjekt med rettleiar frå Høgskulen i Bergen

Signala frå regjeringa for 2010 er at dei statlege midlane i større grad skal brukast til vidareutdanning. Fylkesmannen i Hordaland reknar med at midlane kommunane får til etterutdanning, vert halverte i 2010 samanlikna med 2009. Det betyr at Fusa vil få ca. 80 000 kr i 2010.

Midthordland kompetanseregion vil framleis stå for den etterutdanninga som er felles for kommunane. Det som er spesielt for kvar kommune, tek den enkelte kommune seg av.

7.2.2. Vidareutdanning

Frå 2005 – 2009 har Fusa gjeve tilskot til etterutdanning til om lag 15 lærarar som kvar har teke vidareutdanning på 30 studiepoeng, tilsvarande ei halvårsdeining. Nokre av lærarane har fått tilskot frå ekstra statsmidlar sidan dei tok utdanning i prioriterte fag frå Utdanningsdirektoratet. Nokre av lærarane tek eksamen til våren.

I tillegg har fem av skuleleiarane i kommunen fullført leiaropplæring tilsvarande 30 studiepoeng ved NLA i regi av Midthordland kompetanseregion.

I okt. 2008 vart ”*Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere*” lagt fram av Kunnskapsdepartementet. Strategien var utarbeidd i samarbeid mellom departementet, KS, arbeidstakarorganisasjonane og lærarutdanningsinstitusjonane.

Det vert lagt opp til eit varig system for vidareutdanning av lærarar, eit system som kan fungera i ei langsiktig planlegging.

Kompetanse for kvalitet føreset at omfanget av læraren sine ordinære arbeidsoppgåver vert reduserte i studieperioden slik at deler av arbeidstida vert reservert for vidareutdanning. Partane er enige om at staten skal dekkja 40% og skuleeigar 40% av kostnadene med auka bemanning for å dekkja opp for lærarar som bruker arbeidstid på vidareutdanning. Læraren skal vera i arbeid i 20 % av stillinga si.

Ved fordeling av midlar frå staten til vikarutgifter, gjeld fast sats på 200 000 kr pr. 60 studiepoeng. Dette tilsvarer 50 000 kr pr. 15 studiepoeng.

Det er ein føresetnad for å få dette tilskotet at kommunen forpliktar seg til å yta same beløpet som staten.

Før kommunen kan søkja om midlar, har Utdanningsdirektoratet bede kommunane om følgjande:

Kartleggja behovet for kompetanseheving hos det pedagogiske personalet på den enkelte skule i samarbeid med partane.

Utarbeida ein heilskapleg og rullerande plan for etter- og vidareutdanning for pedagogisk personale og skuleleiarar i samarbeid med organisasjonane.

Forankra planen politisk.

Forankra systemet for vidareutdanning i eigen organisasjon.

Sikra samanhengen mellom statlege satsingsområde og eigne satsingsområde.

Etter- og vidareutdanning av pedagogisk personale vart handsama i Driftsutvalet våren 2009.

Konklusjon

Det bør utarbeidast ein heilskapleg og rullerande plan for etter- og vidareutdanning for pedagogisk personale og skuleleiarar i Fusa i samarbeid med organisasjonane.

Planen må byggja på ”*Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere*” og andre føringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Vidareutdanninga skal ta utgangspunkt i kva behov kommunen har for auka kompetanse på den enkelte skule.

Vidare må det gå klart fram av planen kva prinsipp som skal gjelda for vidareutdanninga, t.d. bindingstid.

- Det bør vera eit mål for kommunen at alle lærarane i kommunen har min. 30 studiepoeng i dei faga dei underviser i på barnesteget, og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet. (Jfr. Opplæringslova § 10-1 og forskrift til opplæringslova kap. 14.)
- Det betyr at det kvart år må setjast av 200 000 kr på budsjettet til vidareutdanning for pedagogisk personale. For 2010 må det setjast av 100 000 kr. Sidan det berre gjeld hausthalvåret.

8. BYGNINGAR – STATUS OG UTFORDRINGAR

8.1. Arealnormer- og rammer

8.1.1. Barnehage

Fusa kommune si rettleiande norm for netto leike- og opphaldsareal : 4 m² pr. barn over 3 år og 5,33 m² pr. barn under 3 år. Ved utrekning av arealbehov for nye barnehagar er det tatt utgangspunkt i Trollskogen barnehage som er 331 m² brutto areal. Fordelt på 48 plassar vert det om lag 7 m² brutto areal for ein barnehageplass. Det er rekna kr 20 000 i kostnad pr m².

8.1.2. Grunnskulen (barnetrinnet og ungdomstrinnet)

I vurderingane av bygg har vi gått ut frå arealnormer/arealtilrådingar knytt til arbeidsmiljølova og krav i forskrift om miljøretta helsevern.

Fylgjande normer er nytta:

	Areal I m ²	
Grunnlaget for areal til elevar er sett til:	2,5	for 1. – 4. klasse
Grunnlaget for areal til elevar er sett til:	2	for 4. – 10. klasse
Areal til lærar pr klasserom	6	
Areal til arbeidsplass pr lærar	6	

Ved vurdering av behov for nytt areal er det nytta fylgjande normer:

Stort klasserom - 70 m² – areal til 26 elevar i 1. – 4. klasse
Middels klasserom- 50 m² – areal til 18 elevar i 1. – 4. klasse
Lite klasserom - 40 m² – areal til 14 elevar i 1. – 4. klasse

Tal grupperom m.m. har blitt vurdert skjønsmessig. Det er ikkje vurdert ein minimumsnorm for eigne areal til t.d. forming, musikk eller andre spesialrom.

Det er rekna ein m²-pris på kr 20 000.- Ut frå erfaring er det om lag ein pris som kan forventast. Det vil likevel vera marknaden på det tidspunktet anbod går ut som vil gje rett pris, det kan bli både over og under.

Der det er prøvt å gje behov for areal, er det for å kunna gje ein peikepinn på kva kostnadane kan verta. Det er gitt ei grov vurdering av arealbehov. Behovet vil kunna endra seg når ein ser nærmare på det. Tanken er at tala skal vera så rette at dei kan grunnlag for prioritering.

8.1.3. Kulturskulen

Det er ikkje utarbeidd normer for areal til kulturskulen. Undervisning går i dag føre seg på musikkrommet på Fusa ungdomsskule. Det er eit tilrettelagt rom for musikkundervisning som berre blir nytta til dette.

Desentralisert undervisning skjer på den enkelte skule. Det er varierende kor godt det er tilrettelagt for individuell undervisning.

Eksisterande rom på skulane vert nytta til kortare tilbod i dans, drama eller bildande kunst.

8.2. Kommunale byggdata

SKULER		A1 = Bruttoareal (BTA)(Skulens areal eksklusiv gymsal eller eventuell idrettshall) A2 = Areal gymsal eller idr.hall (Brutto areal inkl. tilhørende garder., dusjanlegg)										
Navn	Gnr	Bnr	Evt. byggnr.	Evt. nr.	Byggeår	A1 BTA (m2)	A2 BTA (m2)	A1+A2 BTA (m2)	E Ant. Elever	A1/E BTA/elev	(A1+A2)/E BTA/elev	
Fusa ungdomsskule – klassebygg	20	49	172 m2	2009	1195m2	1959/2009	0	0	0	0	0,0	0,0
Fusa ungdomsskule – spesialrom	20	49			1395m2	1965	3 048	450	3 498	160	19,1	21,9
Fusa ungdomsskule 3.bygg m/form.	20	49	Form.leigd	360m2	2908m2	1982	0	0	0	0	0,0	0,0
Nore Fusa	13	40				1995	755	250	1 005	60	12,6	16,8
Eikelandsosen	20	49				1970/1998	1 620	0	1 620	92	17,6	17,6
Holdhus	48	18				1956/93/98	700	300	1 000	65	10,8	15,4
Søre Fusa	107	5	165 m2	2009		1978/2007	880	220	1 100	59	14,9	18,6
Fusa 780m2	34	2	Leigd areal	400m2		21/88/09	930	250	1 180	63	14,8	18,7
Strandvik	85	31	Tilbygg	141 m2		1960/2001	783	240	1 023	40	19,6	25,6
Sett inn												
Sum skuler							8 716	1 710	10 426	539	16,2	19,3

BARNEHAGER												
Navn	Gnr	Bnr				Byggeår	BTA (m2)		Ant. Barn	BTA/barn		
Jettegryto	20	116				1993	390		58	6,7		
Holdhus	48	18	+ fellesområder			1997	150		22	6,8		
Trollskogen	34	78				2001	310		48	6,5		
Holmefjord			Leigd areal				220		40	5,5		
Strandvik			Leigd areal				215		28	7,7		
Søre Fusa	107	5	+ fellesområder			2007	140		30	4,7		
Sett inn									0			
Sum barnehager							1 425		226	6,3		

8.3. Dei enkelte bygg

I det fylgjande vert det gjort ei kort oppsummering for status for dei einskilde skulane. Oppsummeringa vert gjort ut frå oppvekstsenter der det er, elles ut frå skule og barnehage.

Eit fylldigare oppsett over status m.m. for dei enkelte einingane finn ein i vedlegg 2.

8.3.1. Nore Fusa oppvekstsenter

Skulen

Miljøretta helsevern

Skulen har god tilkomst for rørslehemma. Små klasserom i høve til talet på elevar gjev ei utfordring både for elevar og tilsette.

Arbeidsmiljølova

Små klasserom og mange elevar påverkar lærarane sin arbeidssituasjon negativ. Areal til arbeidsplassar for lærarane er i minste laget og vil bli for lite når skulen vert 4-delt.

Problemstillingar:

For få klasserom når skulen vert 4-delt

Klasseromma er gjennomgåande små

Rom til forming må omdisponerast til anna bruk

Base for SFO er i minste laget.

Behov for meir areal til arbeidsplass for lærarane.

Kommunelegen si oppsummering:

”For små og få klasserom i forhold til forventna elevmasse dei kommande åra. For små areal i forhold til kkje lingane. Få grupperom. Pga godt ventilasjonsanlegg og nytt bygg er kravene til inneklima trolig fortsatt innenfor det akseptable, men det anbefales utbygging for å tilfredstille behovet på sikt. På kort sikt kan en trolig være kreative med gruppeundervisning i et større sentralt fellesareal.

Trenger mer areal på sikt.”

Konklusjon:

Skulen treng meir areal. Nore Fusa vil kunna bli eit vekstområde i Fusa når no vegane mot Bergen etter kvart vert betre. Det kan sjå ut som at skulen vil nærma seg 70 elevar med dei som soknar til området i dag. Kva ein eventuelt skal dimensjonera for i tenkt utvikling ut over det, er vanskeleg å sei. Om ein byggjer ut til om lag 70 elevar, så bør bygget planleggjast for vidare utbygging.

Utbygginga må ta opp i seg dei problemstillingar som er lista opp ovafor. Det må arbeidast meir med romprogrammet før utbygging. Grovt sett kan ein truleg løysa dette med å byggja til 2 ½ store klasserom med tilhøyrande areal.

Rombehov	Behov	Kostnad
2 ½ store klasserom + tilleggsareal 30%	250 m ²	5 000 000

Barnehagen

Barnehagen held til i leigde lokale i Bygdaheimen. Det er avtale om leige fram til 01.08.2013. Det er gjort ein del utbetringar i bygget, m.a. disponerer barnehagen no kjøkkenet og det er bygt pauserom. Likevel ber barnehagen preg av at bygget ikkje er planlagt som barnehage frå starten av. Ut frå behovet både til born og vaksne burde det vore andre romløyisingar og meir areal.

Stor auke i barnetalet viser seg også i barnehagen. Det er stor pågang, og så langt er behovet stetta. Men om veksten aukar, vil det verta vanskeleg å gje alle barnehageplass.

Miljøretta helsevern

Luftkvalitet er for dårleg.

Arbeidsmiljølova

Garderobetilhøva for dei tilsette må vurderast nærmare. Luftkvalitet er for dårleg.

Problemstillingar:

Med auke i barnetal i krinsen er kapasiteten for liten.

Luftkvalitet er for dårleg.

Garderobetilhøve bør vurderast.

For høgt støynivå i hovudopphaldsrommet.

Kommunelegen si oppsummering:

”Teknisk drift har nylig utarbeidet en konkret plan for strakstiltak i form av ventilasjonsanlegg samt akustikkplater til bruk i barnehagen. Personalrommet mangler tilstrekkelig ventilasjon. Bør vurderes.

Konklusjon: Barnehagen godkjennes midlertidig under forutsetning av at tiltakene nevnt ovenfor gjennomføres. Bør trolig revurderes dersom en planlegger lengre tids bruk av arealene til barnehagedrift, f.eks om ett år.”

8.3.2. Fusa ungdomsskule

Det er nyleg gjennomført utbyggingbygging ved Fusa ungdomsskule.

Skulen har fått:

- Eit nytt klasserom
- Tre nye grupperom
- Nytt arbeidsrom for personalet
- Nye toalett
- Heis i klasseromsbygget

Sjølv med denne ombygginga må skulen ta i bruk spesialrom til ordinære klasserom i ein periode framover. Fusa ungdomsskule er ikkje planlagd med tanke på noverande læreplan og pedagogiske metodar. Det er difor ynskjeleg med eit rom som kan samla eit heilt årstrinn til undervisningsøkter. Det vil gjera undervisninga meir rasjonell og tilpassa ved å kunna veksla mellom årstrinn, klassar og mindre grupper.

Det andre klasseromsbygget er ikkje tilrettelagt for funksjonshemma elevar.

Bygget mellom gymnastikksal og klasseromsbygg er lite teneleg slik det står i dag. Det representerer eit "dautt" areal. Skulen ønskjer at dette arealet vert bygt om til auditorieum og kantine. Det ligg føre teikningar for ei slik ombygging.

Miljøretta helsevern

Spesialromsbygget ved Fusa ungdomsskule er ikkje godt nok tilrettelagt for rørslehemma.

Kommunelegen si oppsummering:

"Mangler universell utforming av en mindre del av bygningsmassen. Helt konkret gjør dette at skolekjøkkenet ikke er tilgjengelig for bevegelseshemmede brukere, det være seg ansatte eller elever. Fusa kommune pålegges å innen utgangen av 2008 ha en plan for tilrettelegging av skolekjøkkenundervisning dersom en i fremtiden skulle få en handikappet elev eller ansatt. (f.eks ved å leie skolekjøkkenlokaler på Eikelandssosens skole for dette formål?)"

Konklusjon:

Fusa ungdomsskule har fått ei god kvalitetsheving med utbygginga som er gjennomført. Det vil likevel vera att ein del uløyste problemstillingar knytt til areal og utnytting av areal på skulen. Så langt ein ser i dag, er ikkje desse utfordringane av akutt karakter.

8.3.3. Fusa oppvekstsenter

Skulen

Miljøretta helsevern

Med dei utbetringane som no vert gjorde, blir tidlegare krav frå kommunelegen stetta.

Konklusjon:

Når utbetringane som no er i gang på Fusa oppvekstsenter, må skulen kunna godkjennast etter "Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar".

Trollskogen barnehage

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Vesentlege manglar er ikkje kjent.

Kommunelegen si vurdering:

"For mye støy/gjenklang i et av grupperommene. Det anbefales å investere i støydemping her. Grupperommet er ikkje så mye i bruk at det gjøres pålegg om dette, en regner med at dette lar seg gjøre over ordinære budsjett."

8.3.4. Strandvik oppvekstsenter

Skulen

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Det er manglande garderobetilhøve og for lite areal til arbeidsplass for lærarane.

Kommunelegen si vurdering:

”Fremstår med for dårlige elevgarderobevilkår for gymsal, særlig dusjene er av for dårlig stand til å møte dagens kvalitetskrav. Dette har nå kommunen konkrete planer for utbedring/utbygging, i samarbeid med idrettslaget, planlagt byggestart sommer/høst-08

Merknad: Dette er gjort. Dusjane er flotte og nye, garderobane nyoppussa.

Litt trange forhold omkring personalets tekjokken som er sammenfallende med garderober for ytterklær, på svært begrenset areal. Det anbefales å omprioritere annet areal for å organisere dette annerledes.”

Barnehagen

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Ikkje vesentlege manglar.

Kommunelegen si vurdering:

” Ikkje ordentlig personalrom, vanskelig å få til når bygningen i utgangspunktet er et grendahus. Personalet kan vel i praksis benytte personalrom i skulebygningen. Tilstanden aksepteres.”

8.3.5. Søre Fusa oppvekstsenter

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

OK

Kommunelegen si oppsummering:

”Mønsterskule! Noe luktproblematikk i eldre bygningsmasse, er under utbedring.”

8.3.6. Holdhus oppvekstsenter

Skulen

Miljøretta helsevern

Har trappeheis mellom etasjane. Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Ikkje vesentlege manglar.

Kommunelegen si vurdering:

”For lite arbeidsrom for de tilsette. Skulen har såpass med annet areal som burde kunne omdisponeres til dette bruk. Undertegnede kommer med en anbefaling om at dette gjennomføres innen overskuelig fremtid.”

Barnehagen

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Ikkje vesentlege manglar.

8.3.7. Eikelandsosen skule

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Manglar ein del på tilkomst for rørslehemma. Gjeld for personalavedlinga.

Kommunelegen si oppsummering:

” Ikkje tilrettelagt for handikappede rundt deler av personalavdelinga. Det pålegges kommunen å innen utgangen av 2008 lage en konkret plan for hvordan en på kort sikt kan tilrettelegge dette arealet for en bevegelseshemmet ansatt, slik at slikt tiltak kan iverksettes dersom en i fremtiden skulle komme i en slik situasjon.”

8.3.8. Jettegryto barnehage

Miljøretta helsevern

Bør kunna godkjennast.

Arbeidsmiljølova

Manglar ein del på tilkomst for rørslehemma. Gjeld for personalavdelinga. Rullestolbrukar vil truleg ikkje kunna fylla ei stilling i barnehage. Det er difor ikkje krav om universell utforming av personalavdelinga.

Jettegryto barnehage har ikkje behov for omfattande investering som kjem inn under mandatet til ad hoc-gruppa.

Kommunelegen si oppsummering:
 ”Barnehagen kan godkjennast.”

8.4. Hovudoppsummering bygningar

Bygning	Tiltak	Kostnad	Kommentar
Nore Fusa skule	Påbygging	4 720 000	Nye klasserom
Holmefjord barnehage	Nybygg	7 500 000	Ny barnehage
Fusa ungdomsskule	Utgreiing		Vurdering av vidare ombygging
Fusa skule			
Trollskogen barnehage			Ingen behov ut over vanleg vedlikehald
Strandvik skule	Omdisponering av areal		Vanleg vedlikehald
Strandvik barnehage			Ingen særskilte behov
Søre Fusa oppvekstsenter			Ingen særskilte behov
Holdhus skule	Omdisponering av areal Utgreiing om formingsareal		Vanleg vedlikehald
Holdhus barnehage	Påbygg	1 000 000	10 nye barnehageplassar
Eikelandssosen skule	Utgreiing om universell utforming.		Vanleg vedlikehald
Jettegryto barnehage	Påbygg		
	Universell utforming	1 000 000	
	Minimum kostnad	14 220 000	
	Maksimum kostnad		

8.5. Universell utforming

Fleire av bygga er ikkje gode nok med tanke på universell utforming. Dei fleste stader kan ein finna ad hoc-løysingar om behovet skulle dukka opp, men det bør leggest til rette for permanent utbetring. Det bør i økonomiplanperioden setjast av midlar kvart år for å utbetra dette.

Konklusjon:

Det bør vera eit mål for kommunen at alle bygningar som vert nytta til barnehage og skule, innan 2011 vert godkjende etter Forskrift om miljøretta helsevern

9. STRUKTUR TILPASSA ØKONOMISKE RAMMER

9.1. Skule- og barnehagestruktur i Fusa 2009

Fusa har i dag desse kommunale einingane innan skule:

- Nore Fusa oppvekstsenter, avd. skule
- Holdhus oppvekstsenter, avd. skule
- Søre Fusa oppvekstsenter, avd. skule
- Fusa oppvekstsenter, avdeling skule
- Strandvik oppvekstsenter, avd. skule
- Eikelandsosen skule
- Fusa ungdomsskule

Friskule:

- Vinnes friskule.

Alle dei kommunale einingane har tilsett ein einingsleiar som har ansvaret for eininga.

9.2. Evaluering av gjeldande skule- og barnehagestruktur

Kommunen har ikkje gjennomført ei systematisk evaluering av oppvekstsenter som organisatorisk eining med tanke på måloppnåing i høve krav i Opplærings- og barnehagelova med forskrifter. Me har difor lite eksakt kunnskap om korleis denne organiseringa fungerer med tanke på kvalitet, arbeidsmiljø m.m. Tilbakemeldingar frå einingar tyder på at modellen fungerer best der skule og barnehage er under same tak, eller ligg nær kvarandre.


Det me veit ut frå KOSTRA er at barnehagane i kommunen er forholdsvis rimelege i drift, medan strukturen med mange små skular er dyr i drift. (Jfr. Kap. 4)

Skulane opplever svært tronge rammer. Det gjeld både timerressursar og driftsmidlar.

Skulane har ikkje midlar til å byggja ut eit skikkeleg elevbibliotek. Dei har ikkje pengar til å gjennomføra m.a. ekskursjonar grunna høge kostnader til transport. Nokre skular ser seg nøydde til å slutta med juleavslutning i kyrkja grunna trang økonomi. Det er óg problem med å gjennomføra sømjeundervisning pga skysskostnadene.

Denne skildringa vert dokumentert gjennom diagrammet nedanfor. Det er ei samanstilling av ressursbruk pr elev, og den syner at Fusa no har den lågaste auken i høve relevante samanlikningar. Ressursbruken er no klart lågare enn snittet for kommunegruppe 02 og nærmar seg dei andre gruppene.

Graf 9.1



Alle barneskulane i Fusa er små skular. Dette resulterer i små elevmiljø og få tilsette. Nokre skular slit med å skaffa kvalifisert personale. Det kan vera fleire grunnar til det, men det vert peika på at det faglege miljøet ved skulen vert for lite. Rekruttering av personale med godkjend kompetanse ser ut til å bli ei større og større utfordring.

Eit lite og oversiktleg elevmiljø kan vera ein fordel med tanke på kontakten med elevar og foreldre. På den andre sida er små elevmiljø svært gjennomsiktlege både på godt og vondt. Reint fagleg er det ikkje dokumentert at elevar frå små skular presterer betre enn elevar frå store skular.

Mange små skular gjer óg at kommunen sine utgifter til administrasjon vert forholdsvis høge. Målet må vera at Fusa kan gje borna ei grunnskuleopplæring med best mogleg kvalitet. (Jfr. Kap. 6)

Vedtekne overordna mål seier at Fusa kommune skal:

- ⊙ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet
- ⊙ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel
- ⊙ Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa

- ⊗ Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling
- ⊗ Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald
- ⊗ Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk

Dei vedtekne overordna måla skal gje retning for arbeidet i den einskilde eininga, men dei gjev og ein tydeleg retning i høve heilskapeleg tenking og samarbeid einingane imellom. Me veit at god kvalitet på opplæringa også har med timeressursar å gjera. Statistikken viser at timar til tilpassa opplæring no er svært låg samanlikna med fem år tilbake (2004).

Det betyr lågare lærartettleik i klassane, samtidig som samfunnet har utvikla seg slik at skulen i større grad må stå for opplæring av den sosiale kompetanse til elevane. I praksis betyr det større utfordringar for undervisningspersonalet i klasserommet.

Ved timetildeling til skulane (jfr. Ressurstildelingsmodellen) må kommunen ha som mål at 30 % prosent av basistimetallet skal tildelast til tilpassa opplæring/deling.

Med noverande struktur vert det ei stor utfordring for kommunen å oppretthalda målsettinga om best mogeleg kvalitet på opplæringa i fusaskulen.

9.3. Økonomi

9.3.1. Statstilskot

Alle kommunar får tilskot frå staten til til opplæring i grunnskulen. Dette tilskotet byggjer på spesielle kriterium.

Dette kriteriegrunnlaget er bygt opp slik at det tilsvare to grunnskular i vår kommune, ein skule i søre del av kommunen (Søre Fusa skule) og ein i nordre delen (Eikelandssosen skule).

Korleis skulestrukturen skal vera i Fusa, er eit politisk spørsmål. Det som er viktig, er at den opplæringa elevane i kommunen får, er av høg kvalitet slik at dei vert best mogeleg i stand til å møta utfordringane seinare i livet. Visjonen vår seier: ” **Fusa for framtida.. Trygg, stolt og sterk. Me byggjer identitet og kompetanse i eit skapande oppvekstmiljø**”.

Me ønskjer ungdommar som har tru på seg sjølve, har styrke til å ta gode avgjerder for livet sitt, og er stolte av å veksa opp i Fusa.

Mange modellar har gjennom åra vore drøfta som framtidig skulestruktur i Fusa .

Det er viktig at det vert valt ein varig modell som er robust nok til å tola dei driftsutgiftene som må til for å gje elevane ei best mogeleg opplæring.

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet med nasjonale prøver, Elevundersøkelsen og Skuleporten gjer det mogeleg for kommunen og kvar enkelt skule å vurdere si eiga måloppnåing. Regjeringa vil utvikla kvalitetsvurderingssystemet slik at det vert mogeleg å vurdere utviklinga av elevane sitt læringsutbytte betre.

Det er to hovudkomponentar som må vera til stades for å oppretthalda ein god skule: Kompetanse og økonomi.

I utgangspunktet byggjer denne planen på noverande barnehage- og skulestruktur. Denne strukturen er dyr i drift. Det blir då ei oppgåve for politikarane våre å skaffa midlar til å oppretthalda ønskjeleg nivå på grunnopplæringa i Fusa. Det kan skje ved å effektivisera drifta. I praksis betyr det færre skular i kommunen og færre klassar. Men kvaliteten på den opplæringa elevane får, skal vera høg.

9.4. Framtidig skulestruktur

Nedanfor vert det vist tre modellar for framtidig skulestruktur i Fusa:

A: Same skulestruktur som no.

B: Samanslåing av krinsane Nore Fusa, Eikelandsosen, Holdhus, Fusa og Strandvik til ein skulekrins.

C: - Samanslåing av krinsane Nore Fusa, Eikelandsosen og Holdhus til ein skulekrins, og

- Samanslåing av krinsane Fusa og Strandvik til ein skulekrins.

Modell A: Noverande skulestruktur.

Nore Fusa oppvekstsenter

Eikelandsosen skule

Holdhus oppvekstsenter

Søre Fusa oppvekstsenter

Fusa oppvekstsenter

Strandvik oppvekstsenter

Fusa ungdomsskule

Denne modellen byggjer på oppvekstsentertanken.

Oppvekstsenter vart oppretta i Fusa med tanke på å gje eit betre samordna pedagogisk tilbod til borna. I samband med "Fusa mot 2008" vart også oppvekstsenter vurdert som ein måte å spara pengar på. Det er ikkje dokumentert at det har skjedd.

Ved innføring av to-nivå i kommunen, var det eit poeng å etablera robuste einingar. I dette vart det mellom anna sagt at kvar eining burde ha minimum 8-10 i personalet og ein økonomi med ein viss handlefridom. Oppvekstsenter vart difor aktuelt for dei minste skulane og barnehagane.

Det vart utarbeidd følgjande overordna mål for oppvekstsenter i Fusa kommune:

Oppvekstsenter skal skapa heilskap, trivsel og tryggleik for barna – i læring, leik og lokalmiljø.

Oppvekstsenteret skal byggja på ein felles pedagogisk ståstad og ta vare på det særeigne i barnehage og skule

Samhandling skal vera berande i arbeidet med borna, i personalet, med foreldra og lokalmiljøet.

Samhandlinga skal pregast av :

- Fusa kommune sine verdjar
- Tillit
- Likeverd
- Fellesskap

Skulle me ha fått eit pålitande bilete av korleis det enkelte oppvekstsenter har jobba mot desse måla, kva røynslar dei har gjort m.m., skulle det vore gjennomført ei systematisk evaluering. Det har me ikkje hatt tid eller kapasitet til å gjera.

Driftskostnader

Med utgangspunkt i same rammer som no, vil timetalstildeling og driftskostnader vera om lag på same nivå som for inneverande budsjettår. Vedlikehad av bygningane vil truleg auka pga. elde og slitasje.

Reelle tal viser at denne modellen er dyr i drift. Skal opplæringa nå dei vedtekne overordna måla gjennom delmål og tiltak for det enkelt år, må skulen ha nødvendige driftsmidlar.

Det blir politikarane si oppgåve å skaffa desse midlane.

Investering

Kapittel 8 syner behov for investeringar m.m. idenne strukturen.

Skal Fusa tilpassa seg det økonomiske tildelingssystemet frå staten, betyr det ein radikalt annan struktur.

Modell B Samanslåing av Nore Fusa, Eikelandsosen, Holdhus, Fusa, og Strandvik krinsar.

Ei slik samanslåing vil kunna rasjonalisera drifta monaleg. Fusa vil då ha berre ein barne- skul, eitt oppvekstsenter og ein ungdomsskule.

Tabellen under syner kor store elevtala vil bli pr. trinn og kor store innsparingar det kan bli på lærarressursen.

Tabell 9.1.

År	Nore Fusa, Eikelandsosen, Holdhus, Fusa, og Strandvik krinsar.								Klassar	Reduk- sjon i klasse- tal	Frigjort Lærar- ressurs (i heile 1000)	Auka skyss- Utgifter (i heile 1000)
	1.kl.	2.kl.	3.kl.	4.kl.	5.kl.	6.kl.	7.kl.	Sum :				
2010 –f. 2004	56	47	45	52	60	42	38	340	15	9	4 500	1 200
2011 –f. 2005	43	56	47	45	52	60	42	345	15	8	4 000	1 200
2012 –f. 2006	44	43	56	47	45	52	60	347	15	7	3 500	1 200
2013- f. 2007	45	44	43	56	47	45	52	332	14	8	4 000	1 200
2014- f.2008	40	45	44	43	56	47	45	320	14	9	4 500	1 200

Elevar som tilhøyrrer Strandvik skulekrins, men som går på Vinnes Friskule, er tekne med i tala.

Av tabell 9.1 vil ein sjå at det jamt over vert gode elevtal i klassane. Med eit delingstal på 28 er det berre i eitt årskull ein vil oppleve heilt fulle klassar.

Driftskostnader

Denne modellen vil redusere talet på klassar og dermed talet på undervisningstimar. På den andre sida vil talet på elevar som får skuleskyss, auke monaleg. I snitt vil ca. 240 elevar ha trong for skyss. Dette er ei ulempe på fleire måtar, ikkje minst for dei minste elevane. For dei kan reisetida bli i lengste laget. Med tanke på fysisk aktivitet er det óg uheldig at så mange elevar vert avhengig av skuleskyss.

I tabellen ovanfor har me overslagsvis antyda innsparingar på lærarsida og utgifter til skyss. I tillegg vil kommunen spare administrasjonskostnader.

For å stipulere skysskostnaden, er det teke utgangspunkt i gjennomsnittleg skysskostnad per dag for ein elev på ungdomsskulen, kr 38,- haust 2009. Summen blir då ca. 1 700 000 kr. Til fråtrekk kjem kostnaden til skuleskyss, kr 500 000,- som elevane har etter den skulestrukturen me har i dag. Auke i brutto kostnad til skuleskyss (medrekna 8% MVA) vert då om lag 1 200 000 kr.

I denne modellen vil ein kunna spare administrasjonsressursar. Det same gjeld driftskostnader som til dømes reinhald, vedlikehald og straum i tillegg til utstyr og materiell til undervisninga m.m. ved dei einingane som vert lagt ned. På den andre sida krev utvidinga av Eikelandsosen skule også reinhald, oppvarming, utstyr og materiell til undervisninga.

Investering

Skal modellen realiserast, må Eikelandsosen skule utvidast. Skulen er i dag bygt ut for fulldelt skule, men har ikkje eigen gymnastikksal. Tabell 9.1 viser at skulen vil få to parallellar på alle klassetrinn bortsett frå dei første åra. Denne modellen krev difor at skulen må ha 7-8 store, nye klasserom, garderobar, toalett, større SFO-avdeling, arbeidsrom til fleire lærarar, større personalrom og trafikkareal. Skulen bør óg ha eigen gymnastikksal. Dette vil verta ein vesentleg investeringskostnad på grovt rekna til 25 000 000 kr avhengig av romprogram.

Kommunen eig sjølv tomtearealet.

Modellen vil gje eit betre oversyn over økonomien framover. Kommunen sine plikter i høve skulebygging vil på ein heilt anna måte vera forutsigbare enn i dagens modell. Problema med godkjenning av bygningane etter "Forskrift om miljøretta helsevern" vil kunne handsamast på enklare vis.

Kommunen sine driftsutgifter til skule vil vera riktigare tilpassa inntektgrunnlaget.

Denne modellen bryt med oppvekstsentertanken. Me har tidlegare vist at Fusa har trong for min. 14 barnehageplassar totalt i kommunen. Skal kvar krins ha plass til dei barna som søker plass, må særleg Nore Fusa og Holdhus utvida kapasiteten sin.

Ved å frigjere Nore Fusa skule og Holdhus skule, kan desse ominnreist til tenlege barnehagar. Kommunen sparer då leige i Bygdaheimen. Ved å bruka skulen i Strandvik til barnehage, kan ein frigjere seg frå leige i Strandvik Grendahus.

Modell C.

- Ein skule på Fusahalvøya for krinsane Fusa og Strandvik.
- Ein skule for krinsane Nore Fusa, Eikelandsosen og Holdhus.

Dette kan vera ei mellomløyising samanlikna med modell A og B.

Fusa vil då få tre barneskular og ein ungdomsskule.

Begge modelland bryt med oppvekstsentertanken.

Ein skule for Fusa og Strandvik krinsar.

Tabellen under syner kor store elevtala vil bli pr trinn og kor store innsparingar det kan bli på lærarressursen. På utgiftsida kjem skuleskyss for ein del elevar.

Tabell 9.2

Strandvik og Fusa skulekrinsar									Redusert	* Frigjort
År	1.kl.	2.kl.	3.kl.	4.kl.	5.kl	6.kl	7.kl	Sum:	klassetal	Lærarressurs
2010 –f. 2004	26	12	16	18	24	21	15	132	3	1500
2011 –f. 2005	16	23	12	16	18	24	21	130	3	1500
2012 –f. 2006	18	16	23	12	16	18	24	127	2	1000
2013- f. 2007	17	18	16	23	12	16	18	120	2	1000
2014- f.2008	11	17	18	16	23	12	16	113	3	1500

* Ingen innsparing for Fusa og Strandvik. Sparer klassane på Vinnes friskule.

Denne modellen har teke med elevane som går på Vinnes friskule, sidan dei etter krinsreguleringa soknar til Strandvik skulekrins. Sjølv om det vert ein skule på Fusahalvøya, veit me ikkje om Vinnes friskule vil halda fram eller ikkje.

Denne modellen gjev 7 klassar. Strandvik skule har i dag 3 klassar og Fusa skule 4 klassar. Det vil dei også ha i åra framover. Modellen gjev inga innsparing når det gjeld frigjering av lærartimar.

Ser me på elevtala i tabellen, vil dette bli ein fulldelt skule med forholdsvis små, homogene klassar. Skulen vil framleis vera ein liten skule, men stor nok til at det vert fleire elevar på kvart klasstrinn enn på skulane enkeltvis. Skulen vil óg ha ein storleik som gjev rom for eit godt fagmiljø for dei tilsette.

Denne modellen vil óg kunna frigjera areal til barnehagedrift.

Ein skule for Nore Fusa, Eikelandsosen og Holdhus krinsar.

Tabellen under syner kor store elevtala vil bli pr trinn og kor store innsparingar det kan bli på lærarressursen. På utgiftsida kjem skuleskyss for ein del elevar.

Tabell 9.3 Nore Fusa, Eikelandsosen og Holdhus

År	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	Sum:	Klassar	Redusert Klasse-tal	* Frigjort Lærar-ressurs (i heile 1000)
2010 –f. 2004	28	33	28	30	27	16	14	176	9	5	2500
2011 –f. 2005	27	30	35	29	34	36	21	212	12	1	500
2012 –f. 2006	26	27	30	35	29	34	36	217	12	1	500
2013- f. 2007	28	26	27	30	35	29	34	209	11	2	1000
2014- f.2008	29	28	26	27	30	35	29	204	11	2	1000

Tala i tabellen viser at dette vil bli ein skule litt større enn Fusa ungdomsskule. På enkelte trinn vil det år om anna bli to parallellar. Skulen vil ha eit rikt elevmiljø og gode fagmiljø for dei tilsette. Modellen vil redusera klassetalet med 1 – 2 klassar frå 2011. Ein vil i tillegg spara ein del administrasjonsutgifter. På den andre sida får ein utgifter til skyss.

Ved å frigjera Nore Fusa skule og Holdhus skule, kan desse ominnreiaast til tenlege barnehagar.

Konklusjon

- Utgangspunkt for val av framtidig struktur for skulane i kommunen, må vera korleis kommunen best kan sikra kvalitet på opplæringa relatert til visjon, overordna mål og delmål i oppvekstplanen.
- Kommunen bør ha som mål at timar til tilpassa opplæring/deling skal vera 30 % av basistimane.
- Det vert skissert tre hovudmodellar for framtidig skulestruktur i kommunen. Alle modellane byggjer på at det framleis blir ein ungdomsskule Eikelandsosen.
 - A: Same struktur som no.
 - B: Ein skule for krinsane Nore Fusa, Eikelandsosen, Holdhus, Fusa og Strandvik. Eitt oppvekstsenter i Søre Fusa.
 - C: - Ein skule for krinsane Fusa og Strandvik, og
- Ein skule for krinsane Nore Fusa, Eikelandsosen og Holdhus. Eitt oppvekstsenter i Søre Fusa.

9.5. Barnehagestrukturen i Fusa

Me har desse kommunale barnehagarne i Fusa i dag:

- Nore Fusa oppvekstsenter, avd. Holmefjord barnehage
- Jettegryto barnehage
- Holdhus oppvekstsenter, avd. barnehage
- Søre Fusa oppvekstsenter, avd. barnehage
- Fusa oppvekstsenter, avd. Trollskogen barnehage.
- Strandvik oppvekstsenter, avd. barnehage

I tillegg har me to ikkje-kommunale barnehagar:

- Vinnes barnehage
- Maren´s familiebarnehage (Vert nedlagd sommaren 2010).

Denne strukturen byggjer på oppvekstsentertanken.

Når det gjeld utgifter til drift av barnehagane, viser statistikken at Fusa har forholdsvis rimelege barnehagar.

9.5.1 Evaluering av barnehagestrukturen.

Som sagt ovanfor, er det ikkje gjennomført ei systematisk evaluering av oppvekstsenter som organisatorisk eining med tanke på måloppnåing i høve krav i Opplærings- og barnehagelova med forskrifter og føringane i rammeplanen.

Erfaringar viser at dersom eit oppvekstsenter skal fungera etter intensjonen, må skule og barnehage liggja under same tak.

Driftsutgifter

Statistikken viser at barnehagane i Fusa er forholdsvis rimelege i drift.

Investering

Under punkt 4.4. i planen har me vist situasjonen for barnehagane med omsyn på å stetta krava i barnehagelova. Dette oversynet viste at Fusa samla treng min. 14 nye barnehageplassar i åra som kjem.

Etter vedtektene for barnehagane i Fusa, er heile kommunen opptaksområde for barn det vert søkt om barnehageplass for. Kommunen stettar lovkravet dersom barna får tilbod om plass i ein av barnehagane i kommunen, sjølv om barnehagen ligg langt vekk. Det blir opp til foreldra om dei vil nytta seg av plassen.

Målet må vera å gje innbyggjarane i Fusa eit så godt tenestetilbod som mogeleg med tanke på barnehageplass. Innbyggjarane vil truleg oppleve at det beste vil vera å ha eit desentralisert barnehagetilbod som i dag.

Fusa skal difor framleis ha ein desentralisert barnehagestruktur.

Då den første planen var ute på høyring, gjekk tilbakemeldingane frå einingane på at barnehagen på Holdhus måtte utvidast, og Nore Fusa ønskte ny barnehage samlokalisert med skulen. Alternativet var utviding av Jettegryto barnehage som óg kunne fungera som ein buffer ved stor søknad om barnehageplass.

Når det gjeld investering i nye barnehageplassar, må desse sjåast i samanheng med det som er sagt om skulestrukturen ovanfor.

Vel kommunen å halda på den strukturen me har i dag, trengst det ny barnehage i Nore Fusa og utviding på Holdhus.

Konklusjon

- Fusa bør framleis ha ein desentralisert barnehagestruktur med ein kommunal barnehage i kvar noverande skulekrins.
- Det bør utarbeidast ein modell for ressurstildeling til barnehagane
- Viss det vert vedteke ein framtidig skulestruktur som frigjer skulebygning (-ar), skal det vurderast om denne/desse kan ombyggjast til barnehage.

10. VEDLEGG

1. Overordna mål, delmål, tiltak og ansvar utarbeidd av arbeidsgruppene
2. Status for einingane
3. Barnehagelova (innhaldsliste)
4. Opplæringslova (innhaldsliste)